

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Ekstraordinært møte - Fjernmøte
Dato:	22.01.2021
Tid:	10:00

Program:

- Kl.10.00 Opning av møte
- Kl.10.05 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Forfall til dette møtet :

Aleksander Øren Heen (SP) forfall - Marit Aakre Tenneø (SP) stiller
Mark Taylor (MDG) forfall - Mona Høgli (MDG) stiller

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hovudutval for næring. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Tor Andre Ljosland
utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 3/21	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
RS 8/21	Referatsaker Søknadar frå kommunale næringssekskap - ei orientering	2020/39918	
PS 10/21	Politiske saker Overskotsdisponering 2019 - tildeling av midlar	2020/79368	
PS 11/21	Partnarskapsavtalar - samarbeidsavtalar 2021-2022	2020/39918	

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Referatsaker

RS 8/21 Søknadar frå kommunale næringssekskap - ei orientering

Saksnr:	2020/39918-6
Saksbehandlar	Kristin Arnestad og Ingjerd Skogseid
Dato:	18.01.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Konstituert fylkesdirektør innovasjon og næring

Søknadar frå kommunale næringssselskap - ei orientering

Bakgrunn for dette notatet

I møte i hovudutval for næring 12. januar 2020 bad ein av representantane om at administrasjonen vurderte to søknader på nytt. Dette gjaldt søknaden frå Sogn Næring omtala i PS 2/2021 og søknadane frå Haugaland Vekst i RS 6/2021.

Dette vart ikkje reist som eige framlegg og fremja til handsaming i møtet. Hovudutvalet tok dermed ikkje stilling til saka og sendte ikkje over vedtak til vidare handsaming i administrasjonen.

Administrasjonen har ikkje fått ny informasjon som påverkar tidlegare vurderingar, og har difor ikkje gjort om på vedtaket knytt til Haugaland Vekst, eller endra tilrådinga i saka om partnerskapsmidlar. I notatet vert dette grunngjeve.

Støtte til kommunal næringsutvikling

Vestland fylkeskommune vurderer begge som viktige aktørar i sine område, og tilråding om avslag i dei aktuelle tilskotssakene er difor ikkje grunngjeve med om desse er viktige aktørar eller ikkje.

Sogn Næring er vurdert å vere utanfor den ordninga dei søkte om. Haugaland Vekst søkte ikkje på ei ordning, og eit eventuelt tilskot er vurdert til å ikkje vere i tråd med utvalet sine retningslinjer for verkemiddelbruk. Omsynet til likehandsaming har også i stor grad påverka vurderinga av begge søknadane.

Kommunar og regionråd, og aktørar som driv kommunalt og interkommunalt næringsutviklingsarbeid og samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar, og mellom kommunar og regionråd, er vurdert å falle utanom partnerskapsordninga. Grunnen til dette er at vi rår til å vurdere den kommunale næringsinnsatsen (inkludert ulike samarbeidskonstellasjonar) samla, og sett i samanheng med mellom anna samarbeid med regionråda og det nye prosjektet Heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem. I eit nytt fylke, med nye ordningar og strukturar er det særleg viktig å sikre likehandsaming av ulike initiativ ulike stader i fylke.

Planen var å vurdere den samla næringsinnsatsen i samband med sak om utforming av kommunale næringsfond. Når denne posten no er tatt vekk i budsjettet ser vi det som naturleg at denne vurderinga skjer i samband med iverksetjing av ny regional plan og utforming av den første fireårige handlingsprogrammet.

Dersom hovudutvalet ynskjer å støtte kommunalt/interkommunalt/regionalt næringsutviklingsarbeid rår vi til at de ser på nokre felles prinsipp for ei slik ordning slik at alle aktuelle søkjarar får felles informasjon og moglegheit til å søkje. Døme på problemstillingar som kan drøftast:

- Skal ein gje driftstilskot eller anna type støtte

- Tak på tilskotssum og ramme på ei slik ordning
- Skal det vere same sum i tildeling eller differensierast?
- Skal det stillast krav til aktivitet eller kvalitet på arbeidet?
- Ynskjer ein å støtte kommunalt næringsutviklingsarbeid generelt? Førstelineteneste spesielt etc.?
- Skal kommunar med næringsapparat i eigen organisasjon kunne søkje, eller ynskjer ein berre støtte organiseringar som dekkjer fleire kommunar?
- Skal alle typar organiseringar kunne søkje?

Særleg om Sogn Næring og aktiviteten knytt til næringshageprogrammet

Sogn Næring har i sin søknad også lagt vekt på oppgåver knytt til det regionale samarbeidet mellom kommunar, og si rolle som operatør i næringshageprogrammet. Regionalt samarbeid vil bli vurdert av ei anna avdeling i samband med eventuelle avtalar med regionråd. Når det gjeld næringshagearbeidet så er det i hovudsak næringshagar i næringshageprogrammet som er tilrådd støtta. Då har vi lagt vekt på at vi rår til å støtte alle desse næringshagane likt, og at det er programmet vi rår til å støtte. Vi føreset at der det er fleire operatørar så samordnar dei seg. Dette gjeld også for Sogn Næringshage, der Sogn Næring er ein av to operatørar.

Det er to unntak frå vurderingane om at det berre er næringshagar i næringshageprogrammet som vert støtta og at næringshagane får støtte berre «ein gong»/til programmet.

Odda (no Ullensvang) næringshage er nye i partnerskapsordninga og dei er ikkje del av næringshageprogrammet. Dei er i samarbeid med Næringshagen på Voss og Næringshagen Hardanger i gang med eit større arbeid for å finne ny organisering og samarbeid. Grunnen for å gje støtte her er å ha eit tilsvarende tilbod som næringshageprogrammet i heile regionen, og å sikre eit meir robust framtidig tilbod.

Inviro AS er hovudsakleg tilrådd støtte på bakgrunn av klyngearbeidet sett i gang knytt til automasjonsarbeidet, og som ei vidareføring av arbeidet som tidlegare blei kalla Fjordane Virtuelle Campus og som har vore støtta av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Politiske saker

PS 10/21 Overskotsdisponering 2019 - tildeling av midlar

Saksnr: 2020/79368-2
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes,
Kjersti Sognes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	10/21	22.01.2021

Overskotsdisponering 2019 - tildeling av midlar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval næring vedtek å setje av 3 mill. kr til nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar, som kjem i tillegg til dei 2 mill. kr som ligg i vedteke budsjett for 2021. Fylkesdirektøren legg seinare fram ei sak om konkret innretning på eit nærings- og utviklingsfond.
2. Hovudutval næring vedtek å setje av 5,5 mill. kr til tiltakspakke reiseliv for 2021, som kjem i tillegg til dei 2,8 mill. kr til reiselivsinnsetning som ligg i vedteke budsjett for 2021. Dei samla midlane på 8,3 mill. kr vert disponert slik:

Innsats gjennom destinasjonsselskapa	6,5 mill. kr
Bedriftsintern opplæring	0,3 mill. kr
Styrka FoU-innsats	0,3 mill. kr
Besøksforvaltning	0,4 mill. kr
Marknadsinnsats og fellesinnsats, m.a. marknadføring	0,8 mill. kr

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere avsette midlar til bedriftsinternt opplæring, styrka FoU-innsats, besøksforvaltning og marknadsinnsats/fellesinnsats gjennom m.a. marknadføring.

Midlane til destinasjonsselskapa vert tildelt slik:

Destinasjon Voss	0,70 mill. kr
Visit Bergen	2,00 mill. kr
Visit Nordfjord	0,80 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,50 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,45 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,85 mill. kr

3. Hovudutval næring vedtek å setje av 1,4 mill. kr til oppfølging av arbeidet med scenarioanalyse i 2021, m.a. regionale analyser i dialog med kommunar og regionråd og bransjeretta analyser i dialog med bransjeorganisasjonar og klynger. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane.

4. Den resterande 1 mill. kr vert sett av til seinare bruk. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til hovudutvalet med ei sak om tildeling av desse midlane.

5. Dei nemnde tildelingane vart dekkja med disponible midlar frå overskotsdisponering 2019.

Samandrag

Midlar frå rekneskapsoverskotet for 2019 vart stilt til rådvelde for innsats innan næringsutvikling for å dempe verknaden av korona-pandemien. Denne saka femnar om bruken av dei resterande 10,9 mill. kr. Broparten av midlane går til reiselivsretta innsats og nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar, i tråd med signal frå hovudutval for næring.

Saka gjeld ulike fagområde innan næring og innovasjon sitt ansvarsområde. Fellesnemnaren er finansiering med bruk av overskotsmidlar frå 2019. Den opprinnelege saka om overskotsdisponering som låg føre til hovudutvalet sitt møte 12.januar omtalte også prosjektet Attraksjon Sunnhordland. Fylkesdirektøren si tilråding i samband med dette prosjektet vart berørt av problemstillingar kring habilitet.

På grunnlag av dette sende hovudutvalet saka attende til administrasjonen. Administrasjonen har no gjort ei fornya vurdering, og utarbeidt ei justert sak til hovudutvalet sitt møte 22.januar. Den søknaden som er berørt av habilitetsutfordringar er trekt ut av saka og må behandlast av hovudutvalet på eit seinare tidspunkt.

Per Morten Ekerhovd
konstituert fylkesdirektør innovasjon og næring

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vart sett av 17,9 mill. av rekneskapsoverskotet for 2019 til næringsretta innsats for å dempe verknaden av korona-pandemien. Gjennom hovudutval for næring sitt vedtak i sak 55/2020 vart det sett av 1 mill. kr til arbeidet med scenarioranalysen 2020. Og i sak 60/2020 opna hovudutvalet for at 6 mill. kr kunne brukast til koronarelaterte søknader som kom inn i samband med haustutlysinga innan handlingsprogram for innovasjon og næring. Desse er no nytta. Det står då att 10,9 mill. kr til disposisjon, og vi legg opp til å disponere 9,9 mill kr gjennom denne saka.

Og elles kan vi nemne utdrag frå hovudutval for næring sitt møte 25.november, vedtak i sak 68/2020:

«1. Hovudutval næring ber administrasjonen arbeide vidare med ein tiltakspakke for reiseliv.
2. Administrasjonen blir bedt om å kome tilbake med ei eiga sak på tiltakspakke reiseliv og næring og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Dette innan ramma for udisponerte midlar overskot 2019.»

Denne saka femnar som nemnt om bruken av dei attståande 10,9 mill. kr til næringsretta innsats, der vi som nemnt legg opp til å disponere 9,9 mill kr. Det vert lagt opp til at den resterande 1 mill kr vert disponert av hovudutvalet på eit seinare tidspunkt. Når det gjeld nærings- og utviklingsfond og den konkrete innretninga på dette fondet vert det lagt fram ei sak for hovudutvalet i samband med møtet 17.februar.

Denne saka er ei samesak med tiltak som gjeld ulike fagområde innan næring og innovasjon sitt ansvarsområde. Fellesnemnaren er finansiering med bruk av overskotsmidlar frå 2019. Den opprinnelege saka om overskotsdisponering som låg føre til hovudutvalet sitt møte 12.januar omtalte også prosjektet Attraksjon Sunnhordland. Fylkesdirektøren si tilråding i samband med dette prosjektet vart berørt av problemstillingar kring habilitet, som no vert undersøkt nærmare.

På grunnlag av dette sende hovudutvalet saka attende til administrasjonen. Administrasjonen har no gjort ei fornya vurdering, og utarbeidt ei justert sak til hovudutvalet sitt møte 22.januar.

Den søknaden som er berørt av habilitetsutfordringar er no trekt ut av saka. Dette inneber at søknaden frå prosjektet Attraksjon Sunnhordland vert behandla av hovudutvalet på eit seinare tidspunkt, etter at den nemnde undersøkinga kring habilitetsutfordringar er gjennomført.

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar

Fleire kommunar har teke kontakt som ei følge av ei utfordrande stode for næringslivet i sin kommune. Dette gjeld m.a. Hyllestad kommune i Sogn, der det er varsla betydeleg nedbemanning på eit skipsverft som er den berande næringsaktøren i denne kommunen. Fylkeskommunen har vore i møte med Hyllestad kommune, som no arbeider med å planlegge tiltak. Vi reknar med at det etter kvart vert fleire kommunar som kjenner på større utfordringar. Kommunane har kjent på utfordringane innan reiselivet ei stund, og det som no etter kvart melder seg er dei tidlegare varsla utfordringane innan leverandørindustri og verft. I fylkesadministrasjonen har vi budd oss med å etablere ei tverrfagleg gruppe som skal vere budd til å møte kommunane på ein god måte, og Innovasjon Norge er også med i denne gruppa. Det er no behov for at det vert rigga ei økonomisk støtteordning, slik at vi kan kombinere fagleg og økonomisk støtte ut mot dei aktuelle kommunane. Den aktuelle nærings- og utviklingsfondet er eit viktig reiskap i denne samanhengen. Den største utfordringa i denne omgang er å finansiere opp eit slikt fond. Så skal vi kome tilbake til hovudutvalet med ei sak i møte 17.februar med eit framlegg til konkret utforming av eit slikt fond.

Ein del kommunar har utfordringar med å finansiere tiltak i regi av kommunen eller i regi av det lokale næringssselskapet. Dette kan vere fellestiltak for fleire bedrifter, tiltak overfor nyetablerte bedrifter eller omstilling i eksisterande bedrifter - primært mindre bedrifter. Kommunar og næringssselskap sin innsats er særleg viktig i tida før ei bedrift får hjelp av Innovasjon Norge og i høve til gode initiativ som ikkje kvalifiserer til støtte frå Innovasjon Norge. Dei kommunale næringsfonda som var tidlegare, bidrog til finansiering av denne typen tiltak. Tanken er at eit nærings- og utviklingsfond skal fylla denne rolla for kommunar som er hardt råka, og som treng hjelp til å takle ei omstilling. Det kan også vere behov for at kommunar og fylkeskommunen set i verk fellesprosjekt finansiert av fondet. Fondet bør sjåast i samheng med og vere ein del av den

samla innsatsen til fylkeskommunen knytt til nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn.

Vi kjem som nemnt tilbake med ei sak om konkret utforming av nærings- og utviklingsfond til hovudutvalet sitt møte 17.februar. No vert det teke til orde for å setje av 3 mill. til fondet, som kjem i tillegg til dei 2 mill. kr som ligg i budsjett 2021.

Tiltakspakke reiseliv 2021

Gjennom hovudutvalssak 68/2020 i møte den 25. november vart administrasjonen beden om å kome tilbake med ei eiga sak om tiltakspakke reiseliv.

Reiselivsnæringa vart særst hardt ramma i samband med koronapandemien. Delar av næringa hadde ein bra sommar med nordmenn som kundar. No er den dystre kvardagen tilbake. Dei utanlandske gjestene som næringa skulle leve av utover hausten og vinteren er her ikkje, og dei som lever av kurs- og konferansar melder om dårleg marknad.

Fellesapparatet med destinasjonsselskapa og Fjord Norge har ein særst viktig funksjon i ei vanskeleg tid. Desse støttar reiselivsbedriftene og arbeider med å marknadsføre i dei marknadane som der er råd å hente kundar. Destinasjonsselskapa er til vanleg finansiert av reiselivsbedriftene, som no i mindre grad har høve til å legge inn midlar. Også inntekter frå salsinnsatsen sviktar. Utfordringane innan reiselivet vil truleg vare ved langt inn i 2021, om ikkje lenger. Det tek tid før tilstrekkeleg mange i verda er vaksinerte til at det er trygt å reise igjen, og det kan ta lenger tid før vi faktisk reiser igjen slik som tidlegare. Innhenta informasjon frå destinasjonsselskapa viser tydeleg at den økonomiske stillinga til destinasjonsselskapa er venta å verte særst krevjande også for 2021. Dette har samband med at deler av inntektene deira kjem frå bidrag frå reiselivsbedrifter og inntekter frå direkte sal. I budsjettet for 2021 er det sett av 2,8 mill. kr til reiselivsretta innsats, m.a. gjennom destinasjonsselskapa. På bakgrunn av innrapportering om den økonomiske stoda frå destinasjonsselskapa er behovet atskillig høgare enn dei 2,8 mill. kr som er sett av i budsjettet.

Administrasjonen har arbeidd med å få til ein tiltakspakke for reiseliv til ein forsterka innsats og i å finne finansiering for denne. I Hovudutval for næring den 25. november vart det vedteke at denne skulle finansierast innan ramma for udisponerte midlar overskot 2019, samt at administrasjonen fekk fullmakt til å disponere ev restmidlar frå budsjett 2020 i tråd med intensjonane for tiltakspakke reiseliv og næring- og utviklingsfond. Det er enno ikkje klart om den samla 2020-rekneskapan for innovasjon og næring gjev rom for tildeling av eventuelle restmidlar. Det handfaste nett no er dei disponible overskotsmidlane for 2019, og fylkesdirektøren rår til at 5,5 mill. kr av desse går til reiselivsretta innsats. Dette i tillegg til dei 2,8 mill. kr som ligg i vedteke budsjett for 2021.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om at dei samla midlane på 8,3 mill. kr vert disponert slik:

Støtte til destinasjonsselskapa	6,5 mill. kr
Bedriftsintern opplæring	0,3 mill. kr
Styrka FoU-innsats	0,3 mill. kr
Besøksforvaltning	0,4 mill. kr
Fellesinnsats, m.a. marknadsføring	0,8 mill. kr

Som ei rettesnor ved tildeling av midlane til kvart av destinasjonsselskapa har administrasjonen laga ein modell som baserer seg på sysselsettingstal innan reiseliv, overnattingsstatistikk for området til destinasjonsselskapa, distriktsindeksen og arbeidsløyse innan reiselivet. Modellen gjev ein indikasjon på det ein skilde destinasjonsselskap sine utfordringar og derav behov for midlar. Og ut frå dette har ein føreteke justeringar basert på tilleggsinformasjon. Av dei samla 6,5 mill. kr til destinasjonsselskapa har vi lagt inn ei grunnfinansiering til kvart av dei åtte selskapa, deretter har vi brukt modellen til fordeling av dei resterande midlane - og deretter føreteke i justering basert på tilleggsinformasjon.

Då har kome fram til denne tildelinga til kvart av destinasjonsselskapa:

Destinasjonsselskap	Sum støtte
Visit Bergen	2,0 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,5 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,5 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,70 mill. kr
Visit Voss	0,70 mill. kr

Visit Sognefjord	0,85 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,45 mill. kr
Visit Nordfjord	0,80 mill. kr

Vi gjer merksam på at destinasjonsselskapa sine behov for midlar er atskilleg høgre enn det som framkjem ovanfor. Vi har derfor også oppmoda destinasjonsselskapa om å arbeide inn mot andre finansieringskjelder, også dei kommunane som dei dekkjer.

Tiltakspakken for reiseliv skal femne om tiltak som gjer at destinasjonsselskapa ikkje går «i kne» i ei tid då det er særleg viktig at dei fungerer. Dette for å drive ei god og målretta marknadsføring i eigen regi - og levere innhald til marknadsføring i regi av Fjord Norge. Destinasjonsselskapa har også ein viktig funksjon med å rådgje og rettleie reiselivsbedrifter i ei krevjande tid og utvikle sitt område.

Tiltakspakken femner om

- Systematisk arbeid med å nå framtidsbildet reiselivet har samla seg om - attraktivitet gjennom berekraft med
 - o Marknadsinnsats for å tiltrekke oss «dei rette» kundane
 - o Arbeid med å sikre kvalitet i alle ledd
 - o Arbeid med besøksforvaltning
 - o FoU-innsats som støttar opp under framtidsbildet
- Supplerande støtte til destinasjonsselskapa
- Midlar til bedriftsintern opplæring

Framover skal vi gjere oss endå meir attraktive ovanfor individuelt reisande som betalar godt. Det som vi tilbyr må følgjeleg stå i stil med den betalinga vi ynskjer å ta. I klartekst betyr dette kvaliteten i alle ledd, alt frå mat til overnatting, til attraksjonar og det som vi kallar fellesfunksjonar. Det siste kan vere alt frå skilting til toalett, til ei god formidling av kvalitetane i området. Her er besøksforvaltning eit viktig innsatsområde. Kort og godt inneber dette at vi tek oss godt av gjestene våre og tenar pengar på dei, samstundes som vi tek vare på lokalsamfunna, natur og miljø.

I det vidare gjer vi greie for kvar av aktivitetane i tiltakspakken for reiseliv:

Marknadsinnsats og fellestiltak

Med bortfallet av internasjonale gjestar, har det vore nødvendig for norsk reiseliv å gjere om på planar og kampanjar. For å rette innsatsen mot eit norsk publikum har det vore nødvendig å leggje til rette for informasjon på norsk, tilpasse bildebruk, setje saman nye pakker med produkt som kan tiltrekke norske gjestar og flytte fokuset i større grad over på individuelle reisande i staden for grupper. Dette krev innsats både når det gjeld marknadsføring og produkttilpassing, og både tilbydarar og destinasjonsselskap har omstilt seg raskt og effektivt. Konkurransen om den norske gjesten er skarp, og perioden der folk har ferie er kort samanlikna med ein sesong der ein baserer på gjestar frå mange ulike marknader. Dette set store krav til målretta marknadsføring med god gjennomslagskraft. Medan dei største destinasjonsselskapa vil ynskje å gjennomføre sine egne nasjonale kampanjar, vil dei mindre selskapa trenge Fjord Norge sin kompetanse og slagkraft i marknaden for å nå fram. Innovasjon Norge sin gjesteundersøkelse for sommaren 2020 viser at Nord-Norge og Vestlandet var vinnarane når det gjaldt å tiltrekke seg gjestar i den norske marknaden.

Det er venta at sommaren 2021 vil verte nokså lik 2020 når det gjeld tilgang til den internasjonale marknaden, men her knyter det seg naturleg nok uvisse. Og vi kjenner ikkje verknaden for 2022. Det er viktig å oppretthalde eit fokus også internasjonalt : «dream now, visit later». Kontakt med turoperatørar viser at interessa for Norge framleis er stor i dei viktigaste marknadane våre i utlandet. Her er sjølvstekt konkurransen endå skarpere når dei ulike landa skal tiltrekke seg gjestar etter kvart som landegrensar opnar att og restriksjonar for reise blir oppheva. Det vil vere avgjerande å oppretthalde kontakten med salsleddet, og samtidig ha musklar til å gjennomføre gode forbrukarkampanjar internasjonalt når det igjen blir aktuelt.

På grunnlag av dette gjer vi framlegg om at det vert sett av 0,8 mill. kr til marknadsinnsats og fellesaktivitetar, m.a. marknadsføring. Dette for å stimulere til ein god og samla marknadsinnsats når vi etter kvart ser når og kvar vi må setje inn innsatsen. Det vert lagt til grunn av fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere desse midlane.

Besøksforvaltning

Besøksforvaltning handlar om å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa slik at denne gjev eit positivt bidrag til lokalsamfunnet. Slik blir reiseliv ein drivar for lokalsamfunnsutvikling. Derfor er besøksforvaltning ein del av samfunnsplanlegginga. Reiselivet skil seg fra ein del andre næringar og industriar ved at produksjon og forbruk skjer på same stad. Det er årsaka til at turismen i stor grad påverkar samfunnet der han skjer. Den sterke auken i turisme i seinare år har tydeleggjort behovet for reisemålsforvaltning, og det er nødvendig å etablere eit meir robust system for destinasjonsleiing. Erfaringane frå ulike kommunar sommaren 2020 viser at denne problemstillinga er like relevante etter ein sommar med berre norske gjestar. I besøksforvaltning vil arbeidet, etter erfaringar frå Nordland fylkeskommune, ta utgangspunkt i to hovudelement: planverktøyet i kommunane og reisemålsleiing. Det er nødvendig å starte med eit forprosjekt for å identifisere Vestland sine utfordringar og vurdere korleis vi kan møte desse gjennom ei langsiktig og målretta satsing.

Aktivitetar i forprosjektet

- Invitasjon til kommunar/destinasjonar i Vestland og utval av pilotar
- Innspeleunde i pilotkommunar: offentlege, næring og organisasjonar
- Samanstilling og vurdering av erfaringar
- Skisse til prosjektplan for hovudprosjekt
- Forslag til budsjett og finansieringsplan
- Rapport og evaluering

Det vert lagt til grunn at det vert sett av 0,4 mill. kr til denne innsatsen, som byggjer opp under den omstillinga som vi ønskjer å få til. Og vi legg til grunn at fylkesrådmannen kan disponere desse midlane.

FoU-innsats

For å sikre at vi når det framtidsbildet som vi arbeider mot, vil det vere behov for forskning som gir ny kunnskap om korleis ein best løyser eit problem eller finn ut om følgjene av eit tiltak. Gjennom Regionalt forskingsfond Vestland kan både bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar få støtte til FoU-prosjekt med bidrag til eit reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk. Også i Forskringsrådet er det mogleg å søkje om finansiering, sjølv om det ikkje er egne utlysingar for reiselivsforskning. Både innovasjonsprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt er relevante.

Det er eit stadig tilbakevendande tema at bedriftene ikkje har pengar å leggje i FoU- prosjekt, som betyr at det er eit større behov for offentlege forskingsprosjekt der dei private selskapa kan sleppe å betale inn midlar sjølve. Vi syner i denne samanhengen til Sustainable cruises, som låg på vent i to år fordi det ikkje var råd å finne eigenkapital til prosjektet frå aktørane. Til slutt blei prosjektet endra frå bedriftsretta til offentleg forskingsprosjekt.

I den nemnde innsatsen med styrka FoU-innsats innan reiseliv kan vi m.a. nytte kompetansemeklarane våre. Vi har også midlar innan Erasmus+ til såkalla tverrsektorielle gruppeprosjekt, der vi kan øymerke nokre av midlane til reiseliv. Det viktigaste kravet her er at dei samarbeider med ein vidaregåande skule eller fagskule. Midlane kan brukast til ei gruppereise til ein region i Europa og besøke aktørar som har dei same utfordringane og arbeider for å finne gode løysingar. Dette kan også gjennomførast digitalt, som er den realistiske løysinga no. Dette vil då ikkje være midlar som vi går frå overskotsmidlane. Men vi treng at offentlege aktørar, reiselivsnæringa og destinasjonsselskapa gjer ein innsats samen for å få opp gode prosjekt. Her kan fylkeskommunen stille opp med program- og søknadskompetanse. Og vi kan m.a. engasjere kompetansemeklarane til å bidra. Og vi treng noko midlar til å få til den ønska innsatsen.

Det vert lagt til grunn at det vert sett av 0,3 mill. kr til denne innsatsen, som byggjer opp under den omstillinga som vi ønskjer å få til. Og vi legg til grunn at fylkesrådmannen kan disponere desse midlane.

Bedriftsintern opplæring

Bortfallet av internasjonale gjester har også medført at fleire bedrifter må omstille seg til ein annan marknad og eit anna kundegruppe enn det dei tidlegare har hatt. Norske turistar set høge krav til kva dei brukar pengar på, men brukar gjerne meir enn internasjonale gjester når dei først kjem. Med bakgrunn i dette er det behov for omstilling og opplæring for fleire reiselivsbedrifter i fylket. Dette vil også gjere seg gjeldande for å sikre kvalitet i alle ledd. Bedriftene som har mista kundegrunnlaget sitt og med det inntektene har behov for å søke om midlar for å få til dette arbeidet. Gjennom tilskotsordninga til bedriftsintern opplæring/BIO-midlar kan ein søke støtte til

opplæringstiltak i samband med planar for framtidig vekst eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon.

Vi har elles fått tilbakemelding om at vi hadde fått inn fleire søknader om bedriftsintern opplæring om det var høve til å leggje inn kostnader til prosjektleiar eller prosjektutvikling. Vi nemner i den samanhengen at det var nokre av dei selskapa som permitterte i vår som ikkje såg seg i stand til å ta på seg arbeidet med å sy saman kompetansapakke utan at dei kunne leggje inn betaling for det arbeidet. Vi legg til grunn at destinasjonsselskapa innanfor den støtta som dei vert tilrådd i pkt 2 i tilrådinga også kan rådgje reiselivsbedrifter som skal søkje på midlar til bedriftsintern opplæring.

Det skal lysast ut midlar til bedriftsintern opplæring, og vi legg til grunn at 0,3 mill. kr vert lagt i denne utlysinga, og at dette då er midlar som skal gå til å styrke innsatsen ytterlegare overfor reiselivsbedrifter. Og vi legg til grunn at fylkesrådmannen kan disponere desse midlane.

Avsluttande om tiltakspakke reiseliv

Gjennom den skisserte tiltakspakken for reiseliv legg vi til rette for at destinasjonsselskapa skal få ei handsrekning til å gjere sitt viktige arbeid i 2021, m.a. ved å støtte og rådgje reiselivsbedrifter og drive god marknadsinnsats. Og vi legg til grunn at dei gjennom støtta i tilrådingpunkt 2 også kan hjelpe reiselivsbedrifter i deira arbeid med å søke om midlar til bedriftsinternt opplæring. Og vi legg til grunn at gjennom tiltakspakken legg vi til rette for ei omstilling innan reiseliv i samband med det som vi alle strekkjer oss mot: attraktivitet gjennom berekraft.

Oppfølging av scenarioanalyse 2020

Fylkeskommune har vore førarsetet for eit samarbeid der vi har analysert stoda i Vestland og kva moglegheiter vi har framover. Dette arbeidet har vorte særst godt motteke blant samarbeidsaktørar og kommunar. Vi syner her til scenarioanalysen 2020, som både fylkeskommune, samarbeidande aktørar og næringsliv har god nytte av når dei no planlegg sin innsats framover.

Dette viktige arbeidet vert no teke vidare gjennom utarbeiding av regionale analyser og bransjeretta analyser. Dette er i alle fall tilrådinga frå Næringsforum Vestland, som er styringsgruppe for regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Det vert lagt til grunn ei geografisk tilnærming knytt til oppfølging av scenarioanalysen 2020. Vi vil invitere delregionane i fylket til å sette i gong ein prosess for å oppdage forretningsmoglegheitene i regionane

- Kva har den enkelte delregion å spele på?
- Kva er konkurransefortrinna i regionen?

Her skal vi sjå på bedrifter, kundar, leverandørar, kompetansebase, infrastruktur og moglegheiter for synergjar/sirkulære modellar i regionen

- Kva vil vere best å satse på i den enkelte delregion gitt dei konkurransefortrinna som vert avdekka
 - o Vi skal arbeide med å kvalifisere og prioritere dei viktigaste forretningsområda
 - o Og sjå på kva som er dei beste vinnarspora til delregionen
- Kva tiltak må vi iverksette for å utnytte delregionen sine moglegheiter?
 - o Samt å sjå på korleis kan vi lukkast med pilotering og skalering

Det vert teke til orde for at vi følgjer Næringsforum Vestland sitt råd om å arbeide vidare gjennom å utarbeide regionale analyser, og gjerne bransjeretta analyser. Ved å setje av 1,4 mill. kr har vi midlar til å få gjennomført dette arbeidet i nært samarbeid med aktuelle regionar. Det vert lagt til grunn av fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere desse midlane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

Det vert synt til vurderingar i samband med kvart av dei områda som er omtalt i denne saka.

Økonomi: Tildelingane i denne saka er finansiert med disponible midlar frå overskot 2019.

Klima: Tildelingane i denne sak er i tråd med overordna føringar kring klima.

Folkehelse: Tildelingane i denne saka fremmar arbeid og sysselsetjing, som også er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tildelingane i denne saka er i tråd med overordna føringar i utviklingsplanen.

Konklusjon/oppsummering

Tildeling av overskotsmidlar frå overskot 2019 vert tildelt i samsvar med tilrådinga i denne saka.

 Saksnr: 2020/39918-5
 Saksbehandlar: Kristin Arnestad og Ingjerd Skogseid

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	11/21	22.01.2021

Partnerskapsavtalar - samarbeidsavtalar innovasjon og næring 2021-2022

Forslag til vedtak

- Hovudutval for næring vedtek at følgjande aktørar får tildeling av midlar gjennom oppdragsbrevet til SIVA, og det blir inngått samarbeidsavtale med fylkeskommunen for 2021-2022 utan at det følgjer tilskot direkte gjennom avtalane:

Aktørar som får tildeling gjennom oppdragbrev til SIVA	Tildeling per år
Sognefjorden Næringshage As	200 000
Medvind24 Næringshage As	100 000
Næringshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Sum tildeling gjennom oppdragbrev til SIVA	5 000 000

- Det blir tildelt midlar og inngått avtale for 2021-2022 med følgjande aktørar:

Aktørar som får samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	Tildeling per år
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	200 000
Næringshagen I Odda As	200 000
Startuplab As - Avdeling Bergen	200 000
Impact Hub Bergen As	600 000
Ungt Entreprenørskap Vestland	1 000 000
Connect Vest - Norge	750 000
Vestnorsk filmsenter / WNFC	1 000 000

Mediefondet Zefyr As	1 000 000
Design Region Bergen	100 000
Media City Bergen As	600 000
Framtidsfylket As	1 000 000
Stiftinga Vestlandsforskning	1 000 000
IT-forum Vest	1 000 000
Hardanger Siderprodusentlag	300 000
Njøs frukt- og bærsenter	700 000
Matarena As	1 000 000
Akvahub As	350 000
Stiftelsen Maritime Bergen	320 000
NCE Maritime CleanTech	600 000
Finance Innovation	100 000
Sustainable Energy katapultsenter	100 000
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	100 000
Sum samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	12 220 000

- Tilskota blir finansiert med kr 2 423 000 over Kap. 553, post 61 og kr 14 797 000 frå midlar sett av til partnerskapsmidlar i Innovasjon og næring sitt budsjett for 2021. For finansieringsløyisinga blir det teke atterhald om ramme i endeleg tilskotsbrev for Kap. 553, post 61.
- Følgjande aktørar får avslag på søknad om samarbeidsavtalar for 2021-2022:

Aktørar som får avslag på søknad om partnerskapsmidlar	Tildeling
Pitstop Norge As	0
VIS Innovasjonsuken OPP	0
Bioregion Institute	0
Norsk Hydrogenforum	0
Blått Hav Norge	0
Sogn Næring As	0

- Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregulverket.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemal og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune.
- Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.
- For NCE Media og NCE Maritime CleanTec vil det bli gjort ei ny vurdering av støttenivå for 2022 avhengig av klyngestatus.

Samandrag

I denne saka gjer fylkesdirektøren framlegg til kva aktørar Vestland fylkeskommune skal inngå næringsretta samarbeidsavtalar med for åra 2021-2022. Til avtalane følgjer det med eit økonomisk bidrag, men også eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå Vestland sine mål og strategiar. Samarbeidsavtalar vert inngått med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland fylke

Framlegg til vedtak i denne saka blei først lagt fram i PS 2/2021. Saka blei då sendt attende til administrasjonen utan vidare handsaming i Hovudutvalet grunna habilitetsspørsmål knytt til

fylkesdirektøren. Konstituert fylkesdirektør har vurdert saka på nytt, og har gått gjennom korleis saksutgreiinga vart gjennomført. I tillegg er den opphavslege innstillinga vurdert på nytt.

Fylkesdirektøren ser ikkje at habilitetsspørsmål har påverka vurderingane i saka, og tilrådingane er dei same i dette reviderte framlegget til vedtak. Dette er belyst i eit eige vedlegg.

Per Morten Ekerhovd
konstituert fylkesdirektør innovasjon og næring

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Gjennomgang av sakshandsamingsprosessen knytt til partnerskapsavtalar/samarbeidsavtalar 2021-2022
- 2 Vurdering av søknadane om samarbeidsavtalar 2021-2022
- 3 Utlysingstekst - Partnerskapsavtalar - samarbeidsavtalar 2021-2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 14. mai 2020 i sak PS 28/20 vedtok Hovudutval for næring å lyse ut partnerskapsmidlar for 2021-2022. Hovudutvalet vedtok samstundes kriteria for ordninga.

Samarbeidsavtalar vert inngått med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland fylke. Til avtalane følgjer det med eit økonomisk bidrag, men også eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå Vestland sine mål og strategiar.

Utlysinga vart publisert 18. mai 2020 (vedlegg 2). Det var høve til å søke om inntil kr 1 million i tilskot per år for kvar aktør. Til søknadsfristen 19. juni kom det inn 40 søknader. Samla søknadsbeløp var kr 28 925 000. Nokre aktørar som var partnarar i 2020 søkte ikkje. Vi er ikkje kjende med grunnane for dette.

Administrasjonen har sjekka søknadane for formelle feil. Deretter har dei vore gjennom ei fagleg vurdering i panel. Panela har hatt medlemmer frå alle dei fire fagseksjonane i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Panela har vurdert søknadane opp mot formelle kriterium i utlysingsteksten og vurdert søknadane dei har sendt inn, men panela har også nytta erfaringskunnskap om aktørane bygd opp gjennom tidlegare samarbeid. Slik sett er dette ei anna type panelvurdering enn for handlingsprogramssøknadane, der vurdering av søknadstekst og prosjektopplegg var det mest avgjerande. Fagpanela har vore rådgivande ovanfor fylkesdirektøren. Det er gitt karakter til søknadene etter ei samla vurdering.

I hovudutvalsmøte 16. september i referatsak 37/2020 orienterte vi om status for tildelingsprosessen. Det mangla då finansiering på ein større sum samanlikna med det som var ønska tildeling. Vi har jobba utover hausten for å sjå på ulike løysingar, og legg i denne saka fram ei tilråding der det er finansiering til alle søknadane vi ynskte å støtte då vi orienterte hovudutvalet i september.

Framlegg til tildeling av samarbeidsavtalar for 2021-2022 blei lagt fram for hovudutvalet i PS 2/2021. Hovudutvalet vedtok då å sende saka attende til administrasjonen for ny vurdering grunna habilitetsspørsmål knytt til fylkesdirektøren. Konstituert fylkesdirektør har gjort ei vurdering av heile sakshandsamingsprosessen knytt til utarbeiding av framlegget i PS 2/2021. Konklusjonen er at vi ikkje kan sjå at habilitetsspørsmålet har påverka tilrådinga. Vi går nærare inn på korleis framarbeiding av saka har skjedd, og vurderingar knytt til dette i vedlegg 1. Konstituert fylkesdirektør har gått gjennom saka på nytt, og framlegget til vedtak er likt det som blei gjort i PS 2/2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse jamfør Reglement for hovudutval for næring kapittel 3.

Vurderingar og verknader

Overordna premiss for vurdering av søknadane:

Kven kunne søkje?

I utlysinga var det presisert at aktuelle søkarar var: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Det var presisert at nokre aktørar ikkje kunne søkje, mellom anna; prosjekt, bedrifter, etablerarar og privatpersonar, regionråda (ansvaret ligg i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering), kommunane i Vestland - i påvente av sak om tildeling til kommunane og kommunale næringsfond, Bergen Vitensenter (eigarskapsforplikting), Fjord Norge og destinasjonsselskapa (andre ordningar).

Følgjande kriterium var sette for vurdering av søknadane:

- Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020
- Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar
- I kva grad aktøren bidrar til å
 - nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
 - yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
- Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.
- Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einkilde aktøren
- Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien

Overordna vurderingar

Partnerskapsavtale og strategisk eigarskapsforplikting

Vestland fylkeskommune er eigar i og/eller stiftar av fleire av organisasjonane som søker. Særleg i Sogn og Fjordane har det vore ein praksis at fylkeskommunen har bidratt til oppretting av ordningar og organisasjonar når ein har identifisert at eit tilbod manglar i innovasjonssystemet. Dette er ein viktig praksis for å sikre utvikling av tilbod i ein region der det er svake innovasjonsøkosystem. Dette er strategiske eigarskap. Dette gjeld aktørane:

- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS
- Atheno AS
- Stiftinga Vestlandsforskning
- Framtidsfylket AS
- Njøs frukt- og bærseier AS
- IT-Forum Vest

Eigarskapet er omtalt i vurderinga av kvar enkelt i vedlegg 1.

Partner i 2020 som ikkje søkte for perioden 2021-2022

Nokre av partnerane våre i 2020 har ikkje søkt. Fylkesdirektøren meiner dei to klyngene NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Subsea som kvar fekk kr 100 000 i partnerskapsstøtte i 2020 er så strategisk viktig for arbeidet i fylket at vi må ha kontakt med dei. Det vil bli på eit seinare tidspunkt vurdert å finne ei anna samarbeidsform med desse.

NCE og «modne klynger»

Klyngeprogrammet er i endring. Det er usikkerheit om vidare arbeid og finansiering for dei aktørane som vil søkje moden klyngestatus. Dersom NCE Media og NCE Maritime CleanTec ikkje får klyngestatus vidare så fordrar det større løyvingar enn dersom dei skulle oppnå den nye statusen. Vi har i tilrådinga lagt oss på kr 600 000 til dei to klyngene skal søkje om opptak i modne

klynger, for dei andre klyngene innan NCE og Arena programmet, og til katapulten tilrår vi kr 100 000. Dersom NCE Media og NCE Maritime CleanTec vert tatt opp i programmet for «modne klynger» meiner vi det bør gjerast ei ny vurdering av støttenivået for 2022.

Særleg om dei som ikkje får tilrådd støtte

Seks søknadar vert tilrådd avslått. Dette er søknadar som vi meiner fell utanom ordninga, eller som framstår som uferdige eller i ein prosjektfase. Alle tilrådingane er grunngjevne i vedlegg 1.

I utlysinga var det presisert at regionråda og kommunane ikkje kunne søke. Grunngjevinga er at ansvaret for regionråda ligg i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, og det var planlagt ei sak om kommunale næringsfond og samarbeidet med kommunane om næringsutvikling. Vi har vurdert det slik at regionråd og kommunar, og aktørar som driv kommunalt og interkommunalt næringsutviklingsarbeid som førstelineteneste, og samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar, og mellom kommunar og regionråd fell utanfor.

Vi fekk inn ein søknad frå Sogn Næring. Vi vurderer Sogn Næring til å vere kommunen og næringslivet sin næringsutviklingsaktør. Grunnen til at kommunar og regionråd står som ikkje søkjegode i partnerskapsutlysinga er at vi ville vurdere den kommunale næringsinnsatsen (inkludert ulike samarbeidskonstellasjonar) i samband med at vi såg på ordninga med kommunale næringsfond og vidare samarbeid med regionråda, og at vi slik sikra ei likebehandling av slike initiativ på ulike stadar i fylket. I etterkant av søknadsfristen har vi også fått søknad om driftsstøtte frå eitt anna regionalt utviklingselskap.

Oppsummering - overordna vurderingar

Fylkesdirektøren vurderer aktørane som det blir inngått partnerskapsavtale med som svært viktige for å nå Vestland sine mål og strategiar. Gjennom framlegget til kven som skal få samarbeidsavtalar meiner vi at vi dekker faglege bidrag til innsatsområda og at ein geografisk kan nå ut til heile fylket. Sidan ordninga med samarbeidsavtalar har blitt vurdert som svært viktig har det blitt jobba aktivt gjennom hausten med å løyse finansieringsutfordringa som vi la fram i referatsak i september.

Vurderingar knytt til dei ulike aktørane finn de i vedlegg 1.

Andre vurderingar:

I utlysingstekst og i dei førre sakene til hovudutvalet har vi kalla avtalane partnerskapsavtalar. Vi ser at omgrepet partnerskapsavtale er brukt litt unyansert på ulike område og nivå. Vi rår no til å nytte omgrepet samarbeidsavtalar på denne typen samarbeid, og nytte partnerskapsomgrepet til det overordna samarbeidet med å følgje opp regional plan.

Når vi lyste ut midlar skreiv vi også at vi lyste ut samarbeidsavtalar for 2021-2022, med moglegheit for eitt års forlenging. Med alle endringane vi no står over med nytt fylke og ny regional plan, så ser vi det naturleg at vi for 2023 tek ei ny prosess for å vurdere korleis vi best kan følgje opp regional plan for innovasjon og næring. Det blir difor lagt opp til to-årige avtalar i denne saka.

Det er ikkje gjort inngåande vurderingar av støtte opp mot statsstøtteregulverket enno. For tilskota som går gjennom oppdragsbrev til SIVA vil dette bli løyst gjennom ordning innmeldt av SIVA. For dei andre tilskota må det gjerast grundigare vurderingar for kvar aktør, dette blir gjort fram mot inngåing av avtale.

Oppsummering

Tabellen viser poeng i vurdering av søknaden. Poenga er sette ut frå kor godt søknaden treff på kriteria i utlysingsteksten og er ikkje knytt til løyvingbeløp.

Karakter	Dette betyr karakteren
5	Aktøren er strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer særdeles godt på kriteriet
4	Aktøren er strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer godt på kriteriet
3	Aktøren er vurdert strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer mindre godt på kriteriet. Den har fleire manglar

- 2 Aktøren vert ikkje vurdert som strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer ikkje godt på kriteriet. Den har manglar
- 1 Søknaden fell utanfor ordninga

Søkjar	Partnerskaps- midlar i 2020*	Poeng i vurdering	Søkt sum	Anbefalt tildeling
Sognefjorden Næringshage As	0	4,00	150 000	200 000
Medvind24 Næringshage As	0*	4,00	75 000	100 000
Næringshagen På Voss As	50 000	5,00	500 000	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	50 000	3,50	500 000	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	0	3,50	200 000	200 000
Stryn Næringshage As	0	4,00	600 000	200 000
Næringshagen I Odda As	0	3,50	1 000 000	200 000
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	0	4,50	650 000	200 000
Atheno AS	600 000	5,00	1 000 000	700 000
Aksello As	700 000	4,00	1 000 000	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000	5,00	1 000 000	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 100 000	5,00	1 000 000	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)				1 000 000
VIS Nyskapingsparken	700 000	5,00	900 000	0
VIS Mediekuben Teknologi- og medieinkubator	400 000	4,50	500 000	0
Startuplab As - Avdeling Bergen	0	5,00	700 000	200 000
Impact Hub Bergen As	420 000	5,00	800 000	600 000
Ungt Entreprenørskap Vestland	1 300 000	5,00	1 600 000	1 000 000
Pitstop Norge As	0	2,50	1 000 000	0
Connect Vest - Norge	500 000	5,00	750 000	750 000
VIS Innovasjonsuken OPP	0*	-	500 000	0
Vestnorsk filmsenter / WNFC	888 000	4,50	1 000 000	1 000 000
Mediefondet Zefyr As	1 015 000	5,00	1 200 000	1 000 000
Design Region Bergen	420 000	3,00	850 000	100 000
Media City Bergen As	100 000	5,00	1 000 000	600 000
Framtidsfylket As	0*	4,50	1 000 000	1 000 000
Stiftinga Vestlandsforskning	1 000 000	5,00	1 000 000	1 000 000
IT-forum Vest	500 000	5,00	1 000 000	1 000 000
Bioregion Institute	0	2,00	800 000	0
Hardanger Siderproducentlag	0	5,00	300 000	300 000
Njøs frukt- og bærseier	*	5,00	700 000	700 000
Matarena As	150 000	5,00	1 000 000	1 000 000
Akvahub As	0	4,50	750 000	350 000
Stiftelsen Maritime Bergen	320 000	4,50	950 000	320 000
Norsk Hydrogenforum	*	2,00	100 000	0

Søkjar	Partnerskaps- midlar i 2020*	Poeng i vurdering	Søkt sum	Anbefalt tildeling
Blått Hav Norge	0	2,00	500 000	0
NCE Maritime CleanTech	300 000	5,00	600 000	600 000
Finance Innovation	0	3,00	1 000 000	100 000
Sustainable Energy katapultsenter	0	4,00	100 000	100 000
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	0	4,00	500 000	100 000
Sogn Næring As	0	-	150 000	0
			28 925 000	17 220 000

* Har fått anna finansiering, men ikkje gjennom partnerskapsmidlar.

Økonomi:

Det er jobba med ei finansieringsløyising for ordninga sidan vi orienterte hovudutvalet om saka i september.

Fylkeskommunen får midlar over Statsbudsjettet Kap. 553, post 61, Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling. Midlane kan berre tildelast Innovasjon Norge og SIVA (inkubatorar og næringshagar). I Statsbudsjettet for 2021 er det lagt opp til ein auke på kr 5 723 000 frå 2020. Om lag halvparten av dette må gå til å auke opp ramma som skal overførast til SIVA grunna at fleire aktørar har fått meir tilskot gjennom SIVA sin differensieringsprosess. Resterande sum kan vi velgje om skal overførast til Innovasjon Norge, eller til SIVA. Vi rår til å bruke desse midlane til å finansiere opp tilskot til inkubatorane og næringshagane gjennom ordninga med samarbeidsavtalar.

Vi rår også til å overføre alle fylkeskommunale løyvingar til inkubatorar og næringshagar til SIVA gjennom årleg oppdragsbrev. Då går både tilskot gjennom ordninga med samarbeidsavtalar, og tilskot fastlagt av differensieringsprosessen til SIVA gjennom eit samla oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune. Å overføre dette samla gjer det enklare i høve statsstøtteregulverket, og det blir mindre rapporteringspunkt og formalitetar både for aktørane og fylkeskommunen. Vi sikrar vår dialog og rapportering gjennom SIVA, og vi kan også inngå samarbeidsavtalar direkte mellom fylkeskommunen og aktørane utan at sjølve tilskotet går gjennom desse avtalane.

Det er i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 sett av 17,220 mill. kr til partnerskapsavtalar. Vi rår til å nytte berre den delen det no er behov for; 14,797 mill. kr og vil i samband med handlingsplan for innovasjon og næring kome attende til disponering av restsummen.

Finansieringsløyisinga blir då slik:

Statsbudsjettet Kap. 553, post 61	2 423 000 kr
Partnerskapsmidlar sett av i budsjett 2021	14 797 000 kr
Sum tildeling i denne saka	17 220 000 kr

Vi gjer merksam på at vi berre har fått brev med informasjon om førebels rammer og ikkje endeleg tilskotsbrev. Det pleier ikkje vere endringar, men tilrådinga om finansieringsløyising vert gjort med det atterhaldet.

Lengd på avtalane

Vi rår til å legge til rette for at dei vi inngår samarbeidsavtalar med får føreseielege rammer. Det er difor ynskjeleg å inngå avtalar for to år. Dette er også rasjonelt både for fylkeskommunen og samarbeidspartane med tanke på tidsbruk og oppfølging, då kan vi nytte meir til fagleg oppfølging og mindre til administrasjon av ordninga. Det er ikkje mogleg for hovudutvalet å binde opp fylkeskommunen over fleire år gjennom sine vedtak, men hovudutvalet bør gjennom dette vedtaket ha ein tydleg intensjon om å sikre finansiering i 2022. I avtalane blir det lagt opp til finansiering for 2021 og 2022, med atterhald om endeleg vedtak av fylkeskommunen sitt budsjett for 2022.

Klima:

Ikkje direkte relevant men eitt av tildelingskriteria var i kva grad søkjar bidreg til FN sine berekraftsmål, og då særleg dei som er trekt fram i Handlingsprogram for innovasjon og næring 2020.

Folkehelse:

Ikkje direkte relevant men eitt av tildelingskriteria var i kva grad søkjar bidreg til FN sine berekraftsmål, og då særleg dei som er trekt fram i Handlingsprogram for innovasjon og næring 2020. Og eksempelvis er ein leverer ein av aktørane som blir tilrådd støtte tenester til entreprenørar innan sosialt entreprenørskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utlýsinga var forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020 og i Utkast til Regional planstrategi 2021-2024. Når vi lyste ut avtalemidlane bad vi om søknadar frå aktørar som støttar opp om regionale planer og handlingsprogram, og vi sa at det blir løyvd støtte til aktørar som vert vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland. Aktørane vil tilrå å støtte vil gjennom sitt arbeid fremje regional samhandling og vere med på å setje retning for arbeidet med utviklinga av Vestland.

Midlane blei lyst ut samstundes som utviklingsplanen var på høyring, og då vi arbeida med planprogram for regional plan for innovasjon og næring og vi har så godt som råd prøvd å rette prioriteringane inn mot mål og strategiar i plandokumenta som har vore under utarbeiding. Bidra for å nå FN sine berekraftsmål er eit av tildelingskriteria for ordninga. Det blir utarbeida avtalemalar tilpassa mål og strategiar i utviklingsplanen og i utkastet til regional plan for innovasjon og næring.

Konklusjon

Basert på vurderingane i denne saka og i vedlegg 1 rår vi til å gjere vedtak som i tabellen nedanfor.

Vi rår også til å overføre alle løyvingar til inkubatorar og næringshagar som er med i SIVA sine program til SIVA gjennom årleg oppdragsbrev, og inngå samarbeidsavtalar mellom desse og fylkeskommunen utan direkte finansiering.

Aktørar som får tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	Anbefalt tildeling
Sognefjorden Næringshage As	200 000
Medvind24 Næringshage As	100 000
Næringshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Sum tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	5 000 000

Aktørar som får samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	Anbefalt tildeling
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	200 000
Næringshagen I Odda As	200 000
Startuplab As - Avdeling Bergen	200 000
Impact Hub Bergen As	600 000
Ungt Entreprenørskap Vestland	1 000 000
Connect Vest - Norge	750 000
Vestnorsk filmsenter / WNFC	1 000 000
Mediefondet Zefyr As	1 000 000
Design Region Bergen	100 000
Media City Bergen As	600 000
Framtidsfylket As	1 000 000

Stiftinga Vestlandsforskning	1 000 000
IT-forum Vest	1 000 000
Hardanger Siderprodusentlag	300 000
Njøs frukt- og bærseier	700 000
Mataarena As	1 000 000
Akvahub As	350 000
Stiftelsen Maritime Bergen	320 000
NCE Maritime CleanTech	600 000
Finance Innovation	100 000
Sustainable Energy katapultseier	100 000
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	100 000
Sum samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	12 220 000

Aktørar som får avslag på søknad om partnerskapsmidlar	Anbefalt tildeling
Pitstop Norge As	0
VIS Innovasjonsuken OPP	0
Bioregion Institute	0
Norsk Hydrogenforum	0
Blått Hav Norge	0
Sogn Næring As	0

Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregelverket.

Vi ber om at fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemal og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

For NCE Media og NCE Maritime CleanTec bør det gjerast ei ny vurdering av støttenivå for 2022 avhengig av klyngestatus.

Til: Hovudutval for næring

Frå: Konstituert fylkesdirektør for innovasjon og næring

Gjennomgang av sakshandsaming kytt til samarbeidsavtalar/partnerskapsmidlar

I samband med at PS 2/2021 blei sendt tilbake til administrasjonen for ny handsaming har vi gått gjennom heile sakshandsamingsprosessen og sett på om vurderingar og konklusjon er blitt påverka av einskilde sakshandsamarar eller leiinga si tilknytning til aktuelle aktørar. Vi har sett særleg på fylkesdirektør Bård Sandal si rolle i prosessen, men også på andre deltakarar i prosessen.

Konklusjonen er at så langt vi kan vurdere, og med bakgrunn i dei opplysningane vi har, så hadde ikkje framlegget til vedtak vore annleis dersom fylkesdirektør Sandal ikkje hadde teke del i sakshandsaminga.

Sidan dette er ei ny ordning i eit nytt fylke, der ein skulle samkøyre praksis frå dei gamle fylka har ein lagt ekstra vekt på ei brei involvering internt i utarbeiding av framlegg til vedtak. Det har vore definerte og opne prosessar, og fylkesdirektøren har ikkje vore involvert i utveljing av paneldeltakarar eller panelvurdering. Tilrådingane frå panela er ikkje blitt endra av leiinga i etterkant. Vi viser elles til gjennomgang gjort i dette notatet.

Korleis arbeider vi saman med dei vi har partnerskapsavtale med

Når fylkeskommunen har inngått ein partnerskapsavtale så har vi drøfta med avtalepart korleis samarbeidet skal vere. Dersom partnerane ynskjer det så deltek fylkeskommunen som "observatør" i styra i selskapa som får partnerskapsmidlar. For ein del partnerar har vi inngått avtale om å få delta i styremøta deira. Når vi har deltatt i styremøte har det vore kalla «observatør» i styre, dette er også tatt med i partnerskapsavtala (sjå tekstdøme i figur under). Denne rolla må ikkje forvekslast med rolla som observatør etter Aksjelova 6-9 og er ikkje meldt inn i inn til Føretaksregisteret, jf. føretaksregisterlova § 3-7 andre ledd. Når fylkeskommunen deltek som observatør i styra har vi ikkje ei formell, eller aktiv rolle.

Figur 1. Døme frå ein av partnerskapsavtalane

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at Atheno kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltar som observatør i styret.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partneren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partner kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

Årsaka til at fylkeskommunen bruker så mykje tid og ressursar på å vera til stades i styremøta, er at ein ynskjer å vere i nær dialog med dei som er næringsmotorar rundt om i heile fylket. Fylkeskommunen har alltid vore opptatt av nær og open dialog med partnerane. Styra er viktige arenaer som bidreg til regional næringsutvikling, og styra gjer regionale og strategiske grep. Vi ser det som nyttig å vere til stades på desse arenaene for å ha god informasjon om prioriteringar og grep gjort i styra. Den nære dialogen gjer at fylkeskommunen og organisasjonane kjenner kvarandre godt, har god oversikt over den einskilde region/næring sine utfordringar, og kan kjapt ta grep når ting skjer. Til dømes såg me dette i mars/april 2020 under koronapandemien.

Vi har undersøkt med SIVA kva som er praksis i inkubatorar og næringshagar i andre fylke. Det er ulik praksis. Nokre fylke er eigarar i desse organisasjonane. Nokre eigarfylke har enten folkevalde politikarar eller tilsette som er valt inn i styra. Andre med eigarskap har henta inn profesjonelle til å representere dei inn i styra. Fylke som ikkje har eigarskap i organisasjonane hadde ulik grad av deltaking, som til dømes ein modell som oss med «observatør». SIVA fortel at dei er tilhengjarar av at fylkeskommunen er tett på organisasjonane, og det at Vestland fylkeskommune er tett på desse organisasjonane er sett på som viktig og nødvendig.

Partnerskapsavtalar har ein anna karakter enn vanlege tildelingar. Tildelingar ifølgje handlingsprogrammet er til prosjekt med ein definert start og slutt. Partnerane er sentrale regionale utviklingsaktørar i fylket som hjelper fylkeskommunen i å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland. For å nå måla i dei regionale planane treng Vestland fylkeskommune partnerar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og med kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Difor er også den tette dialogen og informasjonsflyten viktig.

Sakshandsaming

Søknadane er i sin heilheit vurdert av to panel som vurderte omtrent halvparten av søknadane kvar. Det var også panela som anbefalte nivå på tildeling. Dette er blitt presentert for leiargruppa i INN der alle seksjonssjefane deltek.

I leiargruppa gjekk saksbehandlarane gjennom prinsippa for harmonisering av tildelingar - det var ikkje drøfting av aktørar, men korleis presentere og korleis handtere det at det var innstilt på meir enn det vi hadde som ramme basert på fjorårets budsjett. Meir detaljer om finansiering i den politiske saka.

Det har vore to sakshandsamarar som har samarbeida om gjennomføring av heile sakshandsamingsprosessen og utarbeiding av saksframlegg. Arbeidet har blitt gjort gjennom store delar av året, og mange andre fagpersonar har vore involvert i prosessen, både i utarbeiding av kriteriana og i vurderingsarbeidet. Leiargruppa og seksjonssjefane har vore informert nokre gonger gjennom prosessen. Dialogen med leiinga har normalt skjedd direkte til seksjonssjef Mette Nora Sætre. Når det gjeld saksflyt er saka sendt til godkjenning frå Kristin Arnestad 18.12.2020, godkjent av seksjonssjef Mette Nora Sætre 18.12.2020 og godkjent av fylkesdirektør Bård Sandal 28.12.2020.

Panel

Panela blei sett saman med deltakarar frå alle seksjonane i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Det var seksjonssjefane som peika på deltakarar frå sin seksjon. Då paneldeltakarane var oppnemnde var det pannelleiarane som fordelte dei mellom panela. Det vart lagt vekt på at ein skulle ha deltakarar frå alle seksjonar i kvart panel, og at det skulle vere deltakarar frå begge dei gamle fylka i kvart panel, og det skulle vere ei brei og god samansetning av fagbakgrunnar. Pannelleiarane hadde meir ein tilretteleggande og koordinerande sekretærfunksjon utan å vere veldig aktive i diskusjonane.

I prosessen med å peike ut deltakarar i panela drøfta problemstillinga knytt til habilitet til nokre av paneldeltakarane. Dette gjekk særskild på dei som deltar som observatør i styra. Vi konkluderte med at observatøren ikkje har ei formell rolle i styra, sjå nærare omtale over. Det var ynskjeleg å ha dei med fordi dei kunne bidra med sin kunnskap og erfaring frå partnerskapsarbeid.

Panelvurdering og konklusjonane vart gjort i fellesskap av panelet, i motsetning til sakshandsaming utan panel der det er opp til sakshandsamar og drøfte søknadane med andre. Det blei gjennomført felles oppstartsmøte der alle paneldeltakarane deltok, og pannelleiarane har samarbeida om praktisk gjennomføring av heile utlysings- og tildelingsprosessen, og utarbeiding av saksframlegg.

I panela var det forventa at alle deltakarar las gjennom alle søknadane. Det blei peika på ein hovudansvarleg for kvar søknad som hadde i oppgåve å innleie drøftingane i panelet. Kven som innleia på kvar søknad var tilfeldig, vi hadde liste over dei 5 sakshandsamarar i panelet og fordelte (1-2-3-4-5) nedover liste med søknader.

PANEL 1 (panelleiar og fem sakshandsamarar, frå 4 seksjonar, 1 frå Sogn og Fjordane og 4 frå Hordaland)	PANEL 2 (panelleiar og fem sakshandsamarar, frå 4 seksjonar, 2 frå Sogn og Fjordane og 3 frå Hordaland)
Sognefjorden Næringshage As	Vestnorsk filmsenter / WNFC
Medvind24 Næringshage As	Mediefondet Zefyr As
Næringshagen På Voss As	Design Region Bergen
Gulen Og Masfjorden Næringshage As	Media City Bergen As
Næringshagen i Hardanger AS	Framtidsfylket As
Stryn Næringshage As	Stiftinga Vestlandsforskning
Næringshagen I Odda As	IT-forum Vest
Atheno AS	Bioregion Institute
Vestlandets Innovasjonsselskap As Nyskapingsparken	Hardanger Siderprodusentlag
Kunnskapsparken I Sogn Og Fjordane As	Njøs frukt- og bærsenter
Aksello As	Matarena As
Industriutvikling Vest AS	Akvahub As
Mediekuben Teknologi- og medieinkubator	Stiftelsen Maritime Bergen
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	Norsk Hydrogenforum
Ungt Entreprenørskap Vestland	Blått Hav Norge
Impact Hub Bergen As	NCE Maritime CleanTech
Startuplab As - Avdeling Bergen	Finance Innovation
Pitstop Norge As	Sustainable Energy katapultsenter
VIS Innovasjonsuken OPP	Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster
Connect Vest - Norge	Sogn Nærings As

Nokre av deltakarane i panela har hatt observatørroller i nokre styrer. Jamfør vår gjennomgang av «observatørrolla» slik vi har praktisert det, så skal det ikkje skape utfordringar knytt til habilitet. Men «observatørane» har vore viktige deltakar i panela ut frå sin kjennskap til ordningar og historikk.

Politisk handsaming av ordning

12.11.2019 Hovudutval for næring PS 2-2019 (2019/29-1) **Ordning for næringsretta partnerskapsmidlar i 2020** - Tildeling for 2020 og vedtak å utarbeide ny plan for tildeling av næringsretta partnerskapsmidlar frå 2021. Saksbehandlar for denne saka var Ingjerd Skogseid, godkjent av Mette Nora Sætre og Bård Sandal.

14.05.2020 Hovudutval for næring PS 28/2020 (2020/39918-1) **Etablering av ny ordning for partnerskapsmidlar og samarbeidsavtalar**. Vedtak på å lyse ut og kven som er aktuelle søkarar (Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket). Samt kriterie for vurdering av søknad. Saksbehandlar for denne saka var Ingjerd Skogseid, Heidi Bjønnes Larsen, Kristin Arnestad, Audun Erik Sunde, godkjent av Mette Nora Sætre og Bård Sandal.

16.09.2020 Hovudutval for næring RS37/2020 (2020/39918-3) **Næringsretta partnerskapsmidlar - melding i samband med budsjettarbeidet** Saksbehandlarar for denne saka var Kristin Arnestad og Ingjerd Skogseid, godkjent av Mette Nora Sætre og Bård Sandal.

17.09.2020 Finansutval RS 2/2020 **Næringsretta partnerskapsmidlar - melding i samband med budsjettarbeidet**. Saksbehandlarar for denne saka var Kristin Arnestad og Ingjerd Skogseid, godkjent av Mette Nora Sætre og Bård Sandal.

Datoar i sakshandsaminga

14.5.2020 - Hovudutval for næring vedtar å lyse ut partnerskapsmidlar [PS 28/2020 - Etablering av ny ordning for partnerskapsmidlar og samarbeidsavtalar](#).

19.6.2020 - Søknadsfrist.

Juni-juli - Pannelleiarane gjekk gjennom søknader, arkiverte og fordelte i panel.

10-18.8.2020 Panelvurdering - felles informasjonsmøte for alle paneldeltakarar og fleire møter i dei to panela.

20.8 sakshandsamarar/panelleiarane og seksjonsleiar Mette Nora Sætre drøfta innstilling frå panela og utfordringar knytt til budsjett.

24.8.2020 - Møte med leiargruppa - Gjennomgang av anbefaling frå panel og utfordringa med ramme - Drøfting av ramme.

16.9.2020 Hovudutval for næring [RS 37/2020 Næringsretta partnerskapsmidlar - melding i samband med budsjettarbeidet](#) og finansutvalet RS 2/2020 (same notat som RS 37/2020. Saka gjekk på budsjettssituasjonen og kva ramme sin skal nytte for total tildeling.

I november og desember var det fleire samtalar/meldingar internt i avdelinga om endeleg ramme/finansieringsløyising for partnerskapsmidlar. Mellom seksjonssjef, fylkesdirektør, stab og sakshandsamarar/panelleiarar.

Desember fylkesdirektør, sakshandsamarar/panelleiarar samtale om spørsmål frå Sogn Næring og det at dei ikkje får partnerskapsmidlar - Grunngeving for tilråding, og korleis svare dei.

5.1.2020 - Møte med Sogn Næring. Orientering om bakgrunn for vurdering i politisk sak. Deltakarar fylkesdirektør Bård Sandal og deltakarar frå Sogn Næring.

5.1.2020 Bård Sandal, sakshandsamarar/panelleiarar samtale om Sogn Næring og det at dei ikkje får partnerskapsmidlar - Grunngeving for tilråding og korleis svare på ytterlegare spørsmål frå Sogn Næring.

6.1.2020 - Møte med Sogn Næring. Orientering om bakgrunn for vurdering i politisk sak. Deltakarar: fylkesdirektør Bård Sandal og Kristin Arnestad frå FK, Joakim Systaddal og Torgeir Skålid frå Sogndal kommune/Sogn Næring.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Vedlegg 1, vurdering av søknadar om samarbeidsavtalar 2021-2022

Innhold

Innleiing	3
Næringshagar	4
Inkubatorar	4
Atheno AS	4
Aksello AS	4
Industriutvikling Vest AS	5
Kunnskapsparken i Vestland As	5
Vestlandets Innovasjonsselskap AS	5
Startuplab AS - Avdeling Bergen	5
Øvrige søknader med tilrådd støtte	5
Impact Hub Bergen As	5
Ungt Entreprenørskap Vestland	6
Connect Vest - Norge	6
Vestnorsk filmsenter / Western Norway Film Commission	6
Mediefondet Zefyr As	7
Design Region Bergen	7
Media City Bergen As - Medieklyngen	7
Framtidsfylket As	7
Stiftinga Vestlandsforskning	8
IT-forum Vest	8
Hardanger Siderprodusentlag	8
Njøs frukt- og børsenter	9
Matarena As	9
Akvahub As	9
Stiftelsen Maritime Bergen	10
NCE Maritime CleanTech	10
NCE Finance Innovation	10
Sustainable Energy katapultsenter	11
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	11
Søkarane som er tilrådd avslag	11
Sogn Næring As	11
Pitstop Norge As	12
VIS Innovasjonsuken OPP	12

Bioregion Institute	12
Blått Hav Norge	12
Norsk Hydrogenforum - fylkesnettverk	12

Innleing

Vi fekk inn 40 søknadar om partnerskapsmidlar som er vurdert av panel med deltakarar frå alle fire seksjonane i avdeling for innovasjon og næring. I dette notatet går vi gjennom og vurderer alle søknadane og kjem med tilråding til vedtak.

Søklar	Anbefalt tildeling
Sognefjorden Næringshage As	200 000
Medvind24 Næringshage As	100 000
Næringsshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringsshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	200 000
Næringsshagen I Odda As	200 000
Startuplab As - Avdeling Bergen	200 000
Impact Hub Bergen As	600 000
Ungt Entreprenørskap Vestland	1 000 000
Connect Vest - Norge	750 000
Vestnorsk filmsenter / WNFC	1 000 000
Mediefondet Zefyr As	1 000 000
Design Region Bergen	100 000
Media City Bergen As	600 000
Framtidsfylket As	1 000 000
Stiftinga Vestlandsforskning	1 000 000
IT-forum Vest	1 000 000
Hardanger Siderprodusentlag	300 000
Njøs frukt- og bærseier	700 000
Matarena As	1 000 000
Akvahub As	350 000
Stiftelsen Maritime Bergen	320 000
NCE Maritime CleanTech	600 000
Finance Innovation	100 000
Sustainable Energy katapultsenter	100 000
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	100 000
Pitstop Norge As	0
VIS Innovasjonsuken OPP	0
Bioregion Institute	0
Norsk Hydrogenforum	0
Blått Hav Norge	0
Sogn Næring As	0
Sum	17 220 000

Næringshagar

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

I Vestland fylke er det seks næringshagar tilknytt SIVA sitt næringshageprogram. Alle næringshagane i Vestland er viktige regionale verkemiddelaktørar og dei er til stades der det ikkje er så mange andre aktørar. No i den pågåande koronakrisa for næringslivet er næringshagane sentrale og støttar bedriftene med rådgjeving som gjer at dei kan kome gjennom den pågåande krisa. Nokre presiseringar knytt til søknadane:

- Stryn og Nordfjordeid næringshage vert rekna som ein næringshage i SIVA sitt system.
- Odda næringshage var med i næringshageprogrammet fram til 2011. Frå 2019 har dei samarbeidd tett med Næringshagen på Voss og Næringshagen i Hardanger om levering av næringshagetenester.
- Medvind24 næringshage opererer på tvers av fylkesgrensa med Rogaland og er operativ i ein kommune i Vestland. Medvind24 dekker ein del av fylke med få andre aktørar, og er ein næringshage fylkeskommunen har arbeidd lenge med å få etablert.
- Næringshagen i Nordhordland har ikkje søkt, grunnen er at dei hausten 2020 slo seg saman med Gulen og Masfjorden Næringshage. Det nye selskapet heiter no Klar Bedrift AS.

Vi finn det rimeleg å gje ein flat sum til alle næringshagane i fylket, likt som det var gjort i Hordaland i førre periode. Vi har anbefalt å auke det beløpet frå kr 50 000 til kr 200 000. Fylkesdirektøren anbefalar ei noko redusert tildeling til Medvind24 Næringshage då dei berre er operativ i ein kommune i Vestland fylke.

Inkubatorar

Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har det blitt gitt støtte til inkubatorane i mange år. Støttenivået har vore noko ulikt, og i tillegg til vurdering av den einskilde aktør har ein også sett på ei harmonisering av støttenivå. Alle inkubatorane er knytt til SIVA si inkubatorordning.

Atheno AS

Atheno er lokalisert på Stord. Atheno har ein sentral rolle i innovasjonsøkosystemet i Sunnhordland og Vestland. Dei samarbeider godt med andre aktørar i Sunnhordland-regionen og med dei andre inkubatorane og næringshagane gjennom nettverket Inunet. Dei arbeider tett med næringslivet i sin region og har ein viktig rolle i Sunnhordland. Fylkeskommunen har eigarskap i Atheno AS.

Vi vurderer Atheno sin søknad som svært god, og dei svarer godt ut kriteria. Vi anbefalar å auke tilskotet til Atheno til kr 700 000, ein auke på kr 100 000 frå 2020.

Aksello AS

Aksello er lokalisert i Florø.

Aksello har ein bransjefokus på marin og maritim industri og havrommet. Nedslagsfeltet er i hovudsak kysten, men dei har bedrifter i inkubasjon frå mange kommunar. Dei arbeider godt med dei andre aktørane i sin region.

Søknaden til Aksello vert ikkje vurdert som like utfyllande i høve kriteria som søknaden ovanfor. Vi vurderer at det er viktig å støtte opp om denne type aktørar og gjer dei i stand til å utføre jobben i sitt nedslagsfelt.

Anbefalt tildeling kr 600 000, kr 100 000 mindre enn i 2020.

Industriutvikling Vest AS

Industriutvikling Vest vart etablert med base i Mongstadmiljøet. Visjonen er at inkubatoren skal utvikle ny lønsam forretningsverksemd med utgangspunkt i verksemdene på Mongstad spesielt, og Nordhordland og Bergensregionen generelt.

Industriutvikling Vest vert vurdert som en særdeles viktig samarbeidspartner. Grøn omstilling i denne regionen blir særdeles viktig og Industriutvikling Vest er ein verdifull alliert. Industriutvikling

Vest har i de siste par årene vist svært stor vilje til å omstille næringslivet i sitt område til å bli grønnare. Dei har svært gode økonomiske vilkår, og vi anbefalar derfor å vidareføre tilskotet på kr 600 000, noko som er same nivå som i 2020.

Kunnskapsparken i Vestland AS

Kunnskapsparken i Vestland AS er lokalisert i Sogndal, men med nodar fleire stader i Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen har eigarskap i Kunnskapsparken i Vestland AS, dette er eit strategisk eigarskap for å få etablert ein kunnskapspark i Sogn og Fjordane.

Søknaden til Kunnskapsparken i Vestland vert også vurdert som svært god ut frå kriteria. Vi vil særleg trekke fram arbeidet med klimainnovasjon og omstilling som ein styrke hjå denne aktøren. Dei arbeider tett med næringshagane i Sogn og Fjordane og er med i Inunet. Dei vert vurdert til å vere bevist sin rolle i innovasjonsøkosystemet. Dei har i utgangspunktet eit stort geografisk nedslagsfelt med heile Sogn og Fjordane men vurderer likevel å utviding av sitt nedslagsfelt til Indre Hordaland der det er liknande næringsmiljø som i Sogn og Fjordane. Som eit ledd i dette har dei i 2020 endra namn frå Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS til Kunnskapsparken Vestland AS.

Anbefalt tildeling er kr 1 000 000 som er maksimal tildeling, men kr 100 000 mindre enn i 2020. På grunn av lågare fylkeskommunale rammer hadde dei også hatt ein nedgang i tilskot i åra før 2020.

Vestlandets Innovasjonsselskap AS

Vestlandets innovasjonsselskap AS (VIS) står bak to av søknader om partnerskapsavtale, ein søknad for Nyskapingsparken og ein for Mediekuben. Fylkesdirektøren vil anbefale at det vert inngått ein partnerskapsavtale med VIS. I SIVA samanheng vert dei to inkubatoravdelingane rekna som ei eining, og tildelinga på 5 millionar er til begge inkubatorane. Panelet meiner difor at det naturleg å sjå dei som ei eining også i denne vurderinga.

Anbefalt tildeling er kr 1 000 000 som er maksimal tildeling, men kr 100 000 mindre enn i 2020.

Startuplab AS - Avdeling Bergen

StartupLab As - Avdeling Bergen er ei avdeling av den Oslo basert inkubatoren StartupLab som er med i SIVA si inkubatorordning. Saman med VIS inkubatorane er StartupLab Oslo topp ranka i SIVA sitt system. StartupLab er ein teknologiinkubator. Dei er ein ny aktør i fylket.

Fylkesdirektøren rår til å inngå eit samarbeid med dei, men som ny aktør meiner vi at dei bør vise meir resultat før dei eventuelt kan få støtte på same nivå som dei andre inkubatorane. Vi anbefalar tilskot på kr 200 000 (same nivå som Næringshagane) i denne perioden.

Øvrige søknader med tilrådd støtte

Impact Hub Bergen As

Impact Hub Bergen leverer støtte til entreprenørar innan sosialt entreprenørskap. Dei er einaste aktøren innan dette feltet. Impact Hub har ulike program, og adresserer ofte store samfunnsproblem og finn innovative løysingar gjennom programma sine. Dei har stor grad av kvinnelege entreprenørar (over 60% av entreprenørane er kvinner). Dei har også stor grad av innovasjon knytt til offentleg sektor, og dei har ein supplerande innfallsvinkel samanlikna med inkubatorane. Dei har kontor i Bergen, men har grundere frå mange kommunar. Dei har digitalisert sin aktivitet og kan derfor levere tenester til grunderar uavhengig av lokalisering.

Fylkesdirektøren vurderer søknaden til Impact Hub som god, og dei er ein viktig aktør, einaste innan sosialt entreprenørskap. Det at dei har ein stor del kvinnelege entreprenørar (over 60% av entreprenørane kvinner) er viktig. Vi anbefalar tilskot på kr 600 000, som er kr 180 000 meir enn i 2020.

Ungt Entreprenørskap Vestland

Ungt Entreprenørskap er ein ideell, landsomfattande organisasjon som arbeider saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar for å utvikle barn og unges kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. Dei har ulike program som vert gjennomført i nært samarbeid med det lokale arbeids- og næringslivet. På den måten bygger dei bru mellom teori og praksis, og bidrar til å auke kreativitet og relevans i læreprosessane. Dei har program frå grunnskule til høgare utdanning, innan områda entreprenørskap, jobbtrening og personleg økonomi.

Ungt Entreprenørskap er ein viktig aktør for fylket. Fylkesdirektøren rår til å tildele maksbeløpet kr 1 000 000. I 2020 fekk dei totalt kr 1 300 000 som var basert på løyvingane frå dei to gamle fylka. Ungt Entreprenørskap får også støtte frå avdeling for opplæring og kompetanse.

Connect Vest - Norge

Connect Vest arbeider med innovasjon, gründerar og vekstbedrifter. Nedslagsfelt er Rogaland og Vestland fylker. Connect Vest er ein non-profit organisasjon og finansierer arbeidet gjennom offentlege midlar, partneravtaler og medlemsavgifter. Connect Vest tar ikkje eigardeler i gründerbedriftene dei hjelper. Dei har 200 medlemsbedrifter og 85 tidligfaseinvestorar i sitt nettverk. Dei har avtale med Innovasjon Norge om å vere nasjonal mentorkoplar, det inneber at dei hjelper grundere med å finne mentorer.

Dei er ein viktig aktør som har aktivitet i heile fylket, og arbeider med å auke aktiviteten i nordfylket. Arbeider med å skape vekst i bedrifter, gjennom ulike program. Fylkesdirektørent anbefalar avtale og tilskot på kr 750 000, som er kr 250 000 meir enn i 2020

Vestnorsk filmsenter / Western Norway Film Commission

Filmkommisjonen er ei avdeling under Vestnorsk filmsenter AS. Film og serieproduksjon har vore i sterk vekst globalt, Filmkommisjonen skal bidra til at Vestlandet tar del av denne veksten, og at internasjonale produksjonar ser moglegheiter i regionen. Begge dei to gamle fylka har støtta filmkommisjonen i ei årrekke.

Dei siste åra har det blitt etablert fleire regionale filmkommisjonar i Norge, etter modell frå Vestnorsk filmkommisjon. Budsjettet til Vestnorsk filmkommisjon er 1,36 mill. kr. og støtta frå fylkeskommunen vil vere avgjerande for den vidare aktiviteten. Departementet føreset at drifta av filmkommisjonar/filmfond vert organisert og finansiert lokalt, men støtta løyser ut veldig mykje statlege garantiar og finansiering.

Filmkommisjonen jobbar godt, med avgrensa ressursar. Filmkommisjonen har bidratt til at svært store produksjonar dels er spelt inn i regionen. Dette er som resultat av langsiktig arbeid. Større filminnspelningar har positive ringverknader for fleire andre næringar og lokalsamfunna under innspelingsperioden, og kan også bidra til å auke regionane sitt potensiale som reisemål i tida etter. Filmkommisjonen har hatt aktivitet i mange av kommunane i Vestland dei siste åra.

Søkjær får høg skår på dei fleste kriteria. Ein kan stille spørsmål om filmproduksjon er berekraftig, men filmene blir spelt inn uansett, og den norske incentivordninga stiller krav om at produksjonane skal ha ein berekraftstrategi. Når det gjeld korona vert det peika på at dette kan vere ein moglegheit for regionen. Dersom produksjonane blir skalert ned, kan det passe Vestland godt. Fylkesdirektøren anbefalar avtale og tilskot på kr 1 000 000.

Mediefondet Zefyr As

Mediefondet Zefyr er det største regionale filmfondet for audiovisuell produksjon i Noreg. Hovudmålgruppa er produsentar innan tv-seriar, kinofilm og utviklarar av dataspel. Zefyr sitt verkeområde er Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark. Den største aktiviteten er i Vestland.

Søknaden skårar godt på dei fleste kriteria. Mediefondet Zefyr Zefyr er ein viktig aktør som er med på å løyse ut mykje midlar nasjonalt. Dei jobbar godt og har gode resultat. Dei viser til målingar om at for kvar krone fylkeskommunen og Bergen kommune har gått inn med, så har produsentane lagt

Telefon 05557	E-post post@vlfk.no	Nettside Vestlandfylke.no	EHF fakturaadr. 823111632	Organisasjonsnr. 821311632
------------------	------------------------	------------------------------	------------------------------	-------------------------------

igjen 60 kroner i regionen. Panelet vurderer søknaden til å treffe utlysinga. Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 1 000 000.

Design Region Bergen

Design Region Bergen er ein non-profit interesseorganisasjon som arbeider for auka bruk av design på Vestlandet. Foreininga vart stifta i 2007 og har i dag omlag 40 medlemsbedrifter. Dei har i dag ein tilsett.

Søklar skriv at dei sidan starten i 2007 primært har arbeidd med prosjekt og aktivitetar i Bergen, men at dei no vil sjå på heile Vestlandet (litt uklårt om dette omfattar område utover Vestland fylke). Kor vidt det er realistisk å flytte større delar av tyngdepunktet ut av Bergen verkar uvisst. Etter å tidlegare ha hatt ARENA-status er dei gått frå 5 til 1 tilsette, og vi er noko usikre på gjennomføringsevna i høve dei ambisjonane som er sette. Organisasjonen verkar elles å vere litt på leit etter å finne si rolle, og der design er «altomfattande». Dei har eit samarbeid med fleire studiestader om Design Thinking, noko som er positivt. Det er viktig med føreseielege rammer for partnarane, så fylkesdirektøren rår til å setje av kr 100 000 og ikkje å kutte støtta heilt.

Media City Bergen As - Medieklyngen

Media City Bergen er ein kunnskaps- og næringspark som samlar medieteknologiaktører, utdannings- og forskningsmiljøer, og mediehus under eit tak. Medieklynga er eit innovasjons- og kompetansmiljø med mange store fellesprosjekt. Medieklynga har i dag NCE-status og har hatt partnarskapsavtale med Hordaland fylkeskommune. Skal no søkje om «moden klyngestatus». Dei er såleis usikre på om dei får vidareført arbeidet innan klyngeprogrammet, dette gjer sjølvstøtt økonomien i 2021 usikker.

Søkjaren skårar veldig godt på alle område. Dei er den sentrale aktøren innan dette feltet, og dei har store utviklingsmoglegheiter vidare. Fylkeskommunen bør heilt klart ha partnarskapsavtale med Media City Bergen. Summen er vanskelegare å vurdere, og er sett opp i fall det ikkje blir vidare klyngestatus, dersom dei får «moden klynge» status kan summen vere mindre. Fylkesdirektøren rår til avtale og tilskot på inntil kr 600 000, vi opnar for å vurdere dette på nytt frå 2022 dersom aktøren får ei god finansiering om dei vert tatt opp i «moden klynge» programmet.

Framtidsfylket As

Framtidsfylket AS, - blei stifta i 2008. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane blei aksjonær i 2009, men dette fører ikkje med seg juridisk bindande forplikningar. Framtidsfylket arbeider med rekruttering til bedrifter i Sogn og Fjordane. Dei har mellom anna ein digital kommunikasjonsinfrastruktur og arrangerer karrieremesser i universitetsbyane. Dei driftar også ei vellukka traineeordning. Framtidsfylket har starta på ei geografisk utviding av sitt arbeid. Dei har fått kr 1 000 000 årleg (grunnfinansiering) frå Stiftinga ReKomp som har vore avgjerande for drifta, summen er noko mindre i 2020 då fondet no er brukt opp. Framtidsfylket har også fått einskildtilskot/prosjektstøtte direkte frå fylkeskommunen.

Skårar jamt over godt. Har jobba godt i Sogn og Fjordane, og fylkeskommunen var sentrale i etableringa av Framtidsfylket. Framtidsfylket har etablert samarbeid med aktørar i Hordaland (indre), og det er positive tilbakemeldingar på dette. Dei vil jobbe vidare med å dekke enno større del av fylket. Profileringsarbeidet Framtidsfylket gjennomfører sett fokus på verdiane i aktive og gode lokalsamfunn. Ei auke i talet på unge med høgare utdanning vil gje relevant kompetanse som bidrar til utvikling og omstilling. Fylkesdirektøren anbefalar avtale og tilskot på kr 1 000 000.

Stiftinga Vestlandsforskning

Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein av stiftarane av Vestlandsforskning. Fylkestinget utpeiker styre og styreformann i stiftinga og har årleg tildelt dei ei grunnfinansiering mot at dei yter bidrag til innovasjon i fylket.

Midlane har i hovudsak vore nytta til kompetanseheving for dei tilsette. Vestlandsforskning opererer i ein svært konkurransutsett marknad. Dei er eit av svært få sjølvstendige regionale forskingsinstitutt att i Norge. Det å oppretthalde eit slikt FoU-miljø i nordre del av fylke vil vere viktig

Telefon 05557	E-post post@vlfk.no	Nettside Vestlandfylke.no	EHF fakturaadr. 82311632	Organisasjonsnr. 821311632
------------------	------------------------	------------------------------	-----------------------------	-------------------------------

for innovasjon i både offentlig og privat sektor og for næringsutvikling i distriktsområda i Vestland fylke.

Støtta var kr 800 000 i mange år, før dette gjennom vedtak i fylkestinget blei auka til kr 1 000 000 for 2020. Skårar høg på alle kriterier og vert vurdert som ein svært viktig partner. Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 1 000 000.

IT-forum Vest

IT-forum Sogn og Fjordane vart oppretta i 1995 og var fram til 2019 vore organisert og administrert som eit prosjekt hjå Vestlandsforskning. Frå 2019 har IT-forum vore ein non-profit organisasjon med heile Vestland som nedslagsfelt. Fylkeskommunen var sentral i oppstarten, og har vore med i forumet sidan

Føremålet er å arbeide gjennom eit breitt samarbeid for sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentlig sektor, opplæring, utdanning og forskning. IT-forum skal initierer, samordne og sikre felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.

Jamt over er dette ein svært god søknad, og erfaringane frå samarbeidet gjennom åra støttar absolutt opp om det inntrykket. Særleg viktige for arbeid for omstilling og digitalisering i offentlig sektor, og knytter saman næringsliv/ entreprenørskap og offentlig sektor. Bidrar til å styrke regionen sine moglegheiter til å vere i front i høve dei nasjonale forventningane til digitalisering av offentlig sektor. Dei har vist svært god gjennomføringsevne. Involverer breitt og godt både innan offentlig sektor og næringsliv.

Forumet har vore avgjerande for dei resultatane Sogn og Fjordane har hatt innan omstilling og digitalisering, og for utbygginga av breiband. Det er viktig å vidareføre dette arbeidet i heile Vestland. Det er naturleg å auke løyvinga då nedslagsfeltet blir mykje større, og det nok blir ekstra arbeid med å rigge samarbeid i nytt fylke. Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 1 000 000.

Hardanger Siderprodusentlag

Hardanger Siderprodusentlag er ansvarleg for koordinering av dei fleste fellestiltak knytt til den etterkvart store satsinga på produksjon av sider i Hardanger. Etterkvart har det kome med fleire aktørar langs Sørfjorden, slik at nedslagsfeltet no femnar breitt i Hardangerregionen.

Sider er eit produkt med stort potensial i ein veksande marknad for lokalbaserte mat- og drikkeprodukt. Den sterke koplinga til epletradisjon og føresetnadene for fruktdyrking i Hardanger, gjer at denne næringa ikkje er så utsett for marknadssvikt som t.d. dei lokale ølprodusentane. Søknaden er meint å styrke føresetnaden til Siderprodusentlaget for å engasjere seg i ulike aktivitetar på lang sikt, der Siderklynga og fleire FoU-prosjekt er viktige element i denne satsinga. Dette er ei satsing som treff mange av dei fylkeskommunale ambisjonane innan bioøkonomi, lokalsamfunnsutvikling og innovasjon/entreprenørskap. Viktig satsing i distriktsregion, og . modellbyggande. Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 300 000.

Njøs frukt- og bærsepter

Næringsutvikling AS blei oppretta i 2007 (som Njøs Hagebrukssenter), og no går dei vidare som Njøs frukt og bærsepter AS. Fylkeskommunen var ein av aksjonærane frå oppstarten, og eig i dag 22,2 % av aksjane. Njøs frukt- og bærsepter er nasjonalt foredlingssenter for norske frukt- og bærsortar, og utfører oppdraget på vegne av Graminor. Senteret bidreg elles i prosjekt som naturleg høyrer inn under denne kjerneverksemda, og i regionale og nasjonale utviklingsprosessar i frukt og bær. Dei har tidlegare hatt ARENA-status, skal jobbe for å vidareføre klyngerelatert arbeid for å utvikle frukt- og bærsektoren i heile Vestland.

Søknaden er retta mot basisprosjekt og programstyre for frukt og grønt. Medlemmene i Programstyret frukt og bær er private verksemdar, forskning og offentlig sektor. Programstyret bidreg til å implementere ny kunnskap og initiere forskning. Dette har både fylkeskommunen og

Telefon 05557	E-post post@vlfk.no	Nettside Vestlandfylke.no	EHF fakturaadr. 82311632	Organisasjonsnr. 821311632
------------------	------------------------	------------------------------	-----------------------------	-------------------------------

fylkesmannen i Sogn og Fjordane støtta sidan oppstarten for over 10 år sidan. Frå nyttår overtok fylkeskommunen ansvaret for midlane som fylkesmannen disponerte innan dette området, så ansvaret for finansiering ligg no kun på fylkeskommunen.

Njøs- næringsutvikling er eit svært viktig kompetansemiljø for næringa, og aktiviteten i programstyre og basisprosjekt er viktig både med tanke på kompetanse og samarbeid i næringa. Det er viktig å overføre dei gode resultatane til heile Vestland, og styrke samarbeidet i næringa. Det er naturleg at vi går frå årleg og prosjektbasert støtte til partnerskapsstøtte.

Fylkesdirektøren anbefalar avtale og tilskot på kr 700 000.

Matarena As

Matarena AS blei etablert i 2014 for å utvikle samarbeidet mellom sjømat- og landbruksnæringa spesielt. Matarena skal vere ein kompetansearena og «koplingsboks» for lokalmat frå sjø og land i Vestland. I samarbeid med næring, FoU og det offentlege koplar Matarena heile verdikjeda for å heve kompetanse om bruk, distribusjon og marknadsføring av berekraftig lokalmat frå sjø og land.

Matarena jobbar innan grøn og blå sektor, to svært sentrale næringar i Vestland. Matarena gjer ein viktig jobb. Dei samarbeider godt med kompetansenettet for lokalmat i Aurland. Matarena skaper gode møteplassar for matbransjen. Dei fyller ei unik og viktig rolle. Matarena bidrar også positivt inn i arbeidet med Bergen sitt medlemskap som matby i UNESCO sitt nettverk for kreative byar. God gjennomføringsevne og ein viktig aktør, som også har gjort viktig arbeid no i koronatida. Lokal mat blir ikkje mindre viktig i tida framover.

Matarena har hatt partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune i to periodar. Denne gangen søker dei en høg sum fordi aktivitetane Matfestival og Møteplass mat er lagt inn i søknadssummen. Begge aktivitetane er viktige aktivitetar som i lengre tid har fått prosjektstøtte, men som det hadde vore gunstig å få over på ei anna finansieringsordning for å sikre kontinuitet.

Konsekvensane av koronapandemien har ramma restaurantar og lokalmatprodusentar hardt. Matarena er ein viktig samarbeidspartnar for å støtte desse bransjane.

Fylkesdirektøren anbefalar avtale og tilskot på kr 1 000 000.

Akvahub As

Akvahub arbeider med å arrangere møteplassar for kunnskapsutveksling, og stimulering til innovasjon og kopling til Fou. I tillegg til å hjelpe medlemsverksemdar med å identifisere nyskapande mogelegheiter, utvikle utviklingsprosjekt og bidra til finansiering. Akvahub ønskjer finansiering/deltaking i partnerskapen for å kunne vere meir utadretta, yte råd og kompetanse til eksterne (ikkje medlemsverksemdar)

Dette er ei kompetansemiljø/Fou-avdeling i distriktet som er svært spennande og som har viktige kompetansearbeidsplassar. Arbeidet er i tråd med marin tiltaksplan i fylkeskommunen. Ein kompetent og spennande aktør som fylkeskommunen bør ha eit samarbeid med.

Fylkesdirektøren anbefalar avtale og eit tilskot på kr 350 000 under føresetnad av at tilskotet kan tildelast i tråd med statsstøtteregelverket.

Stiftelsen Maritime Bergen

Stiftelsen Maritime Bergen (MB) representerer havets bedrifter og skal være ein spydspiss for den blå næringa. Gjennom sitt arbeid skal dei ta i vare havbaserte næringar, og styrke evna til å drive verksemd i og frå Bergensregionen.

Maritim næring er viktig for landet, og Bergen og Vestland har ein sterk plass i næringa. Medlemmane representerer kompetanse, kapital og grunnlag for næring og omstilling i ein internasjonal bransje der Noreg har rike tradisjonar. Skipsfart er også viktig når det kjem til utslepp og tiltak for å få desse ned. Maritime Bergen vert oppfatta å ha godt omdømme og kredibilitet blant medlemmane, og framstår difor som ein viktig aktør å ha partnerskapsavtale med.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Nivået for støtte vi har i dag er greitt. Dei er ein robust organisasjon, og vi ser ikkje grunnlag for å auke støtta. Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 320 000.

NCE Maritime CleanTech

NCE Maritime CleanTech blei etablert i 2011 med visjonen om å vere ei verdsløiande klynge for reine maritime løysingar. Klynga har sidan 2014 hatt NCE-status. Klynga legg til rette for grønt innovasjonsarbeid i Vestland, på tvers av verdikjeder knytt til havnæringane. I samarbeidet deltek per i dag over 120 verksemder frå heile regionen.

NCE Maritime CleanTech har etablert seg som ein sentral katalysator for teknologiutvikling og grøn omstilling i Vestland med internasjonale ringverknader. Klynga jobbar svært godt og er ein viktig partner innan eit viktig og tidsaktuelt tema. Klynga er med på å løyse ut tiltak som bransjen elles ikkje ville tatt tak i.

Klynga misser frå neste år basisfinansieringa som NCE frå det internasjonale klyngeprogrammet etter 10 år. På same måte som for Medieklyngen er det usikkerheit knytt til om dei får «moden klynge status». Dette er sjølv sagt noko som kan påverkar økonomien i 2021 i stor grad. Fylkeskommunen bør heilt klart ha partnerskapsavtale med NCE Maritime CleanTech. Summen er vanskelegare å vurdere, og er basert på at det ikkje er vidare klyngestatus.

Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 600 000. Vi opnar for å vurdere dette på nytt frå 2022 dersom aktøren får ei solid finansiering gjennom «moden klynge» programmet.

NCE Finance Innovation

Målet til NCE Finance Innovation er å skape nye finansielle tenester og løysingar gjennom eksisterande og nye selskap, og å auke eksporten av fintech til internasjonale og globale marknader. Klynga har hovudsete i Bergen og har medlemmar frå store deler av landet, og utlandet.

Søknaden har vore vanskeleg å vurdere, og vanskeleg å karaktersetje. Søknaden beskriv eit berekraftprosjekt i regi av Finance Innovation, sånn sett bommar søknaden på ordninga og kriteria. Samstundes er dei ein veldig solid aktør som fylkeskommunen burde hatt eit samarbeid med. Fylkesdirektøren tilrår difor at NCE Finance Innovation får partnerskapsavtale og ei finansiering på kr 100 000 som er nivå for NCE/Arena/Katapult med fast klyngefinansiering.

Sustainable Energy katapultsenter

Sustainable Energy katapultsenter tilbyr testfasilitetar for fornybar energi. Både på land, på skip og offshore vindturbin.

Søknaden er konkret og innsatsområda til senteret er klart i tråd med fylkeskommunale prioriteringar. Søknaden koplar godt til relevante berekraftmål.

Katapultane er godt finansiert gjennom det nasjonale programmet, og vi legg opp til ei støtte på line med NCE og Arena, og det som har vore praksis for katapultar i Hordaland tidlegare.

Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 100 000.

Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster

Hub for Ocean er ein medlemsorganisasjon for aktørar i dei havbaserte næringane. Per i dag har dei 66 medlemmar som representerer heile verdikjeda knytt til havrommet. Dei skal skape gode møteplassar, og vere ein døroppar til havnæringane, både til nye kundar og nye marknader. Ocean Hyway Cluster blei tatt opp i Arenaprogrammet i november 2018. Dei er ei arenaklynge for alle verksemder som ser seg sjølv som del av den nasjonale verdikjeda, dei har medlemmer lokalt, nasjonalt, og internasjonalt. Arenaklynga blir driven av Hub for Ocean.

Søknaden i seg sjølv skårar ikkje på topp i alle kategoriar, men dette er aktørar som er viktigare enn dei får fram i søknaden. Dei er ein viktig aktør på sitt fagfelt og i sitt geografiske kjerneområde. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare følgd Hub for Ocean (Maritim Forening) og

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
82311632

Organisasjonsnr.
821311632

etableringa av ei arenaklynge tett. Dei jobbar godt på eit viktig område. Støttesummen bør vere på nivå med NCE og katapult.

Fylkesdirektøren anbefaler avtale og tilskot på kr 100 000.

Søkarane som er tilrådd avslag

Sogn Næring As

Sogn Næring er Sogndal kommune sitt apparat for næringsutvikling og skal bidra til auka tal på arbeidsplassar i regionen. Selskapet skal mellom anna leggje til rette for dei som ynskjer å starte eiga bedrift eller utvikle eksisterande verksemd. Sogn næring vil bli eit nav for utviklingsarbeidet i regionen.

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden å vere utanfor denne ordninga. Sjølv om dei samarbeider med aktørar i fleire kommunar og føremålet er meir samhandling, så var det i utlysinga var det presisert at regionråda og kommunane ikkje kunne søke. Grunngevinga er at ansvaret for regionråda ligg i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, og det var planlagt ei sak om kommunale næringsfond og samarbeidet med kommunane om næringsutvikling. Vi har vurdert det slik at regionråd og kommunar, og aktørar som driv kommunalt og interkommunalt næringsutviklingsarbeid som førstelineteneste, og samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar, og mellom kommunar og regionråd fell utanfor ordninga.

Vi vurderer Sogn Næring til å vere kommunen og næringslivet sin næringsutviklingsaktør. Grunnen til at kommunar og regionråd står som ikkje søkjegode i partnerskapsutlysinga er at vi ville vurdere den kommunale næringsinnsatsen (inkludert ulike samarbeidskonstellasjonar) i samband med at vi såg på ordninga med kommunale næringsfond og vidare samarbeid med regionråda, og at vi slik sikra ei likebehandling av slike initiativ på ulike stadar i fylket. I etterkant av søknadsfristen har vi også fått søknad om driftsstøtte frå eitt anna regionalt utviklingsselskap. Fylkesdirektøren anbefaler å avslå søknaden frå Sogn Næring.

Pitstop Norge As

Dette er ein relativt ny aktør i regionen, som er initiativrik og har vokse raskt.

Dei leverer tenester knytt til oppfølging av dropout-elevar frå vidaregåande skule. Dei er eit resultat av sosialt entreprenørskap (har vore deltakar i Impact Challenge i 2018). PitStop Norge skal hjelpe andre små og store frivillige organisasjonar med å ta i bruk metoden til pitstop. Dei er en veldig offensiv organisasjon som snakkar med både lokale politikere og stortingspolitikere. Dei søker også midlar hjå Helsedirektoratet. Dei er sjølv eit resultat av sosial entreprenørskap, men dei bidrar i liten grad til flere gründere og vekstkraftige bedrifter og sosialt entreprenørskap i vår forståing av det. Dei har ikke noko fokus på at dei som dei hjelper skal starte egne bedrifter. Fylkesdirektøren anbefaler avslag på søknaden.

VIS Innovasjonsuken OPP

Innovasjonsuken OPP er eit felles arrangement/felles prosjekt som fleire aktørar står bak. Dei fekk prosjektmidlar på kr 400.000 for 2020. Og dei fekk støtte frå både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar i 2019. Innovasjonsuken OPP er eit fellesprosjekt der mange partar bidrar, mellom anna Vestland fylkeskommunen. Fylkeskommunen sit i styringsgruppa. Vi meiner denne finansieringa bør løysast over budsjett på same vis mange andre ordningar har ei medlemsavgift. Og eventuelt kan det lagast ein samarbeidsavtale mellom alle bidragsytarane. Fylkesdirektøren anbefaler avslag på søknad.

Bioregion Institute

Bioregion Vestland var eit prosjekt i regi av Design Region Bergen. Bioregion Institute er «ei intitusalisering» av dette. Det blei i sommar etablert eit selskap der fire private aktørar har gått inn med aksjekapital. Hovudmålet er å erstatte fossilbasert plast med grønne løysingar.

Temaet og initiativet er veldig spennande. Men er eit nyetablert selskap som framleis er i støypeskeia, søknaden blir oppfatta meir som eit prosjekt. Gjennomføringsevna i høve dei omfattande måla er ikkje klarlagt, og aktøren som ikkje er moden nok for partnerskapsavtale. Søknaden blir oppfatta meir som eit prosjekt/utviklingsarbeid. Fylkesdirektøren anbefalar avslag.

Blått Hav Norge

Blått Hav Norge er ein frivillig organisasjon med føremål å bidra til eit reinare og sunnare hav, til å finne nye og berekraftige løysingar innan havrommet og til å fremje grøn vekst og næringsutvikling gjennom havrommet. Blått Hav Norge tilbyr ein møteplass for ungdom og studentar, samt etablerte verksemder og aktørar.

Blått Hav Norge har ikkje hatt avtale tidlegare. Søknaden framstår som noko uklar, mellom anna på samarbeid, og vert vurdert til eit prosjekt i utviklingsfasen knytt til e-læringstilbod og metode. Vi er usikre på gjennomføringsevna. Det er sett ein karakter, men vi oppfattar dei til å vere på sida av ordninga. Fylkesdirektøren anbefalar avslag.

Norsk Hydrogenforum - fylkesnettverk

Fylkesnettverket er eit samarbeid mellom fylkeskommunar og kommunar med mål om å auke kompetanse om hydrogen, og å koordinere offentlege prosesser som kan bidra til utvikling av hydrogenbaserte verdikjeder. Fokus er på innovasjon og næringsutvikling, energiutnytting og reduksjon av CO₂-utslepp. Norsk Hydrogenforum (NHF) er sekretariat for nettverket, og de fleste fylker i Norge deltar i tillegg til fleire kommunar. Begge dei gamle fylka var ein pådrivar i oppstartsfasen for forumet.

Fylkesdirektøren meiner at det godt kan hende at fylkeskommunen skal vurdere å støtte hydrogennettverket, men ut frå kriteria har vi vurdert at dei dett utanom partnerskapsordninga. Fylkesdirektøren anbefalar avslag.

Næringsretta partnarskapsavtalar 2021-2022

Vestland fylkeskommune lyser ut partnarskapsavtalar og midlar til regionale næringsretta utviklingsaktørar for 2021 og 2022 med moglegheit for eitt års forlenging.

Næringsretta partnarskapsavtalar og midlane som følger med er ikkje knytt til prosjekt, men støtte til den aktiviteten aktøren gjennomfører som del av sitt virke og som støttar opp om regionale planer og handlingsprogram. Det vert løyvd midlar til aktørar som vert vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland.

Aktuelle søkjarar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging av innovasjon og næringsutvikling i fylket. Sjå også vurderingskriteria og informasjon om kven som ikkje kan søke (under).

For å nå måla i dei regionale planane treng Vestland fylkeskommune partnerar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjonar i fylket har stor kompetanse, og unik nærleik til næringsaktørar og ulike geografiske område, og kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket. Fylkeskommunen ønsker difor å inngå partnarskapsavtalar med aktørar som kan hjelpe oss å nå målsettingane for innovasjon og næringsutvikling. Med avtalane følger ansvar for oppgåver men også eit finansielt bidrag og nettverk med dei andre partnarskapsaktørane.

Søknadsfrist og behandling

- Søknadsfrist 19. juni 2020

- Vedtak desember 2020: Fylkestinget vedtar i budsjettet kva aktørar som skal få næringsretta partnerskapsmidlar for 2021-2022.
- Søknad skal registrerast elektronisk, lenke til søknadsskjema i menyen til høgre.

Maksimal tildeling er 1 million kr pr år, men tildelinga vil variere, dei fleste tildelingar vil ligge vesentleg lågare, så oversikt frå Handlingsprogrammet for over tildelinga i 2020 for døme. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.

Vurderingskriterier

Vi vurderer søknadene opp mot desse kriteria knytt til prioriterte aktørar:

1. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020
2. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
3. I kva grad aktøren bidrar til å
 - i. nå mål innfor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
 - ii.yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i handlingsprogrammet.
4. Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region, minst to kommunar.
5. Vi legg vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.
6. Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien.

Desse er ikkje søkegode til partnerskapsavtalane

- Prosjekt
 - Bedrifter, etablerarar og privatpersonar
 - Regionråda – ansvaret har avdeling for strategisk utvikling og digitalisering
 - Kommunane i Vestland – i påvente av sak om tildeling til kommunane og kommunale næringsfond
 - Bergen Vitensenter som er ei eigarskapsforplikting som skal innarbeidast på anna vis i budsjettet
 - Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa der er ein i ferd med å forhandle fram ny avtale med Fjord Norge og ein må sikre god oppgåvedeling mellom landsdelsselskapet Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa.
-

Søknadsskjema og søknadsfrist

Søknadsfrist er 19. juni 2020.

[Gå til søknadsskjema](#)

Handlingsprogram for Innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020

Oversikt partnarskaps- og samarbeidavtalar 2020

For spørsmål, kontakt avdeling for innovasjon og næringsutvikling for vidare rettleiing

Ingjerd Skogseid

Ring [91696016](tel:91696016)

[Send e-post](#)

Kristin Arnestad

Ring [90 61 68 43](tel:90616843)

[Send e-post](#)

Besøksadresser

Bergen: Sandslihaugen 30

Leikanger: Askedalen 2 og 4

Førde: Storehagen 1b

Opningstid

08.00 - 15.00

Postadresse

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Abonnér på nyheitsvarsel

Ring [05557](#)

Send [e-post](#)

[Kontakt oss](#)

[Postliste](#)